

**DET
NORSKE
TEATRET**
BAKTEPPET

Fargerikt
barneteater
Balkanrytmar, framand-
skepsis og humor.

Jakta
på Jesus
Bjørn Eidsvåg
om tru og tvil.

Jon Fosse i
stort format
Utruskap og lengt
etter kjærleik

REPERTOARMAGASIN

Haust 2016

Frank Kjosås spelar ungjenta Jakoba. Renate Reinsve avslører at Jakoba eigentleg er gut. Saman bryt dei med samfunnets reglar i *Songfuglen* av Jan Roar Leikvoll.

premierar:



SONGFUGLEN

AV Jan Roar Leikvoll

DRAMATISERT AV: Demian Vitanza

URPREMIERE 26. august på Scene 2

Jakoba (Frank Kjosås) er ikkje som andre barn. Han er ein gut, og ingen må få vite det. For dette er ei kvinneverd... Mennene er drivne bort for fleire generasjonar sidan, og er no i ein slags konstant geriljakrig med kvinnefellesskapet. Men kva som må til for at han skal kunne fortsetje med det han likar aller best, å synge, ja, fortsette å leve, er noko alle andre enn Jakoba forstår. Musikken til songane i framsyninga er komponerte av popartisten Sandra Kolstad.



FESTNING EUROPA

AV Kristian Lykkeslet Strømskag

URPREMIERE 31. august på Scene 3

Millionar av menneske i verda er på flukt. Kva kan vi gjere med det?

I *Festning Europa* blir skjebnane til ein båtflyktning og ein norsk familie bundne saman. Familien reiser på ferie, samstundes som ein ung mann set seg på ein flåte. Familien flyr sørover. Mannen flyt nordover. Begge skal til den same ferieøya. Han flyktar frå krig og drøyer om eit trygt liv. Familien flyr frå kulda og drøyer om ferie.



FRIDOMENS VEGAR

AV Tore Vagn Lid

URPREMIERE 8. oktober på Scene 2

Etter alt å dømme lever vi i den friaste av alle verder der folk kan ta den vegen dei vil og forandre retning på livet når dei vil. Livet er eit val på øvste hylle. Men det er ein ting som ikkje er fritt, som vi ikkje kan velje oss vekk ifrå; testinga. Vegen til den individuelle fridommen er meir eller mindre brulagt med testar og testarar. Burde vi kanskje spørje; kven testar testen og - kven testar testaren?



INKOGNITO

AV Nick Payne

OMSETJING: Gunstein Bakke

NOREGSPREMIERE 29. oktober på Scene 3

Kan hjernen fortelje oss kven vi er? Tre samanfletta historier undersøker tema som identitet og minne – eller kva det vil seie å vere menneske. Vi møter Thomas Stolz Harvey, som har tatt hjernen til Albert Einstein for å forske i kvifor han var eit slikt stort geni, Henry Maison, som har fått utført eit inngrep i hjernen for å bli kvitt epilepsi, men samstundes mista evna til å skape nye minne, og Martha Murphy, ein nevropsykolog som hevdar at hjernen er ein illusjon.



ETTERLYST: JESUS

AV Bjørn Eidsvåg

I SAMARBEID MED Bjørn Eidsvåg

URPREMIERE 27. august på Hovudscenen

Saman med Svein Tindberg og det faste bandet sitt vil Bjørn Eidsvåg prøve å finne ut om vi treng ein Jesus i dag. I så fall: Kva for ein Jesus?

Bjørn Eidsvåg har lært å kjenne mange ulike Jesus-typar i sitt liv. Den trygge, gode Jesus. Den strenge, straffande Jesus. Hippie-Jesus. Han blei presentert for ein sosialistisk Jesus, ein som inspirerte folk til å gjere opprør mot fattigdom og urettferd. Men han har òg møtt Jesusen som grunnla Ku Klux Klan. Kven er den eigentlege Jesusen? Han blir etterlyst!



DRAUM OM VÅREN

AV Trine Falch og Ingvild Holm

URPREMIERE 1. oktober på Scene 3

Vi blir med nokre representantar for norsk nærings- og kulturliv på ein ellevill smørjetur for å blidgjere kinesarane og få dei til å kjøpe norsk laks igjen. Dei har fått med seg Jon Fosse på ei hemmeleg togreise til Beijing, der dei skal setje opp *Draum om hausten*. Undervegs blir representantane redde for at kinesarane ikkje vil like stykket, og ber Fosse om å endre litt på det. Fosse nektar, og blir etter kvart stengd inne i frysevogna, saman med laksen, for å «tenke seg om»...



DRAUM OM HAUSTEN

AV Jon Fosse

PREMIERE 15. oktober på Hovudscenen

Vakkert, sårt og tidlaust om kjærleik og familieband som ryk. I *Draum om hausten* skildrar vår tids største norske dramatistar eit heilt vanleg livsløp og nokre heilt daglegdagse møte mellom menneske. Menneske som er nær kvarandre, eller ein gong har vore det. Men i Fosses karakteristiske og poetiske språk, blir denne historia løfta til ei tidlaus forteljing om kjærleikens ulike fasar. Eit måleri over livet.



PÅFUGLEN – EIN URETTFERDIG MUSIKAL

AV Tyra Tønnessen og Jovan Pavlovic

OMSETJING: Runar Gudnason

PREMIERE 19. november på Hovudscenen

Ei fargerik, humoristisk og musikalsk fengande familieframsyning om kor vanskeleg det kan vere å tole kvarandre og å leve saman. Vi følgjer ei fattig påfuglmamma som forlèt ungane sine og reiser til landet langt unna, der Labradoren lever i velstand med kvalpen sin. Ho har ein draum om ei betre framtid, men det er ikkje berre enkelt å finne plassen sin i ein framand og fordomsfull kultur. Men livet er ikkje utan utfordringar for hundane heller. Dei strevar med å få tida til å strekke til i ein hektisk kvardag.



ROMEO OG JULIE

AV William Shakespeare

OMSETJING: Edvard Hoem

FRÅ 19. august på Scene 2

Romeo og Julie handlar kort og godt om kjærleiken som overvinn alt. Også døden. Maren Bjørseth var nominert til Heddaprisen for sin friske og ungdommelege regi, som er krydra med sofistikert housemusikk, discolys og konfetti.



FUGLETRIBUNALET

AV Agnes Ravatn

DRAMATISERT AV: Ingrid Weme Nilsen

FRÅ 7. september på Scene 2

Kan ein sone seg fri frå ein sjølvpåført skandale? Marie Blokhus fekk Heddaprisen i fjor for si tolking av den skampletta og oppsagte suksessprogramleiaren Allis. Det er både pirrande, provoserande og skummelt når ho flyktar frå byen og viklar seg inn i eit farleg drama med den mystiske Bagge.



DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN NATTA

AV Mark Haddon

DRAMATISERT AV Simon Stephens

OMSETJING: Jon Fosse

FRÅ 7. oktober på Scene 3

Når Christopher bestemmer seg for å etterforske drapet på hunden til naboen, kjem han på sporet av sanninga om sin eigen familie.



KALVØ

AV OG MED Are Kalvø

FRÅ 8. november på Scene 2

Kva nyttar du timane i livet ditt til?

Are Kalvø har saumfare tala i Statistisk Sentralbyrås Tidsbruksundersøking frå 2012, og funne fram til dei raraste ting vi bruker utruleg mykje tid på. Nyttar vi tida vår rett eller gale?



HAUGTUSSA

AV Arne Garborg

MANUS: Ane Dahl Torp

MUSIKK: Sjur Miljeteig

FRÅ 23. august på Scene 3

Ei forteljing om lengt, ung kjærleik og svik. Ane Dahl Torp og ektemannen Sjur Miljeteig har laga rocka og musikalsk forteljarteater som tar oss med inn i verda til den mystiske og synske Veslemøy.



ANDRE VERDS-KRIGEN - NATT I VERDA

AV Lukas Bärfuss, David Grieg, Oleg Bogaev og Maria Tryti Vennerød

OMSETJING: Carl Morten Amundsen, Maria Tryti Vennerød og Ingrid Weme Nilsen

FRÅ 11. september på Hovudscenen

Det største teaterprosjektet i Det Norske Teatrets historie tar opp etiske dilemma, diskuterer ondskapen og korleis vi tøyser grenser for å oppnå det gode.



ABRAHAM'S BARN

AV OG MED Svein Tindberg

FRÅ 14. oktober på Scene 2

Svein Tindberg ser nærare på dei verdiane og førestillingane som er felles for alle truande i dei tre store verdsreligionane. Nær 100.000 har alt sett framsyninga, og folk strøymar framleis til for å oppleve at når alt kjem til alt er vi alle ganske like, også når det kjem til trua vår.



FRÅ LANDEVEGEN

AV OG MED Gjertrud Jynge

På turne i Hardager i oktober. Turneen er eit samarbeid med Noregs Ungdomslag og Hardangerrådet.

Gjertrud Jynges tippoldefar, Jakob Walnum, var sokneprest og stifter av Omstreifarmisjonen. Dette var ein sosial misjon som skulle «bringe hedningefolket taterne fra landeveien tilbake til de hjem de hadde forlatt». Gjennom tekst, song og bilde ser Gjertrud Jynge på denne historia på nytt.



KVITEBJØRN KONG VALEMON

AV Ola E. Bø og Mari Moen

Etter norske folkeeventyr

FRÅ 3. september på Hovudscenen

Ei flygande saks, ein snakkande kopp, kjolar som lagar seg sjølv – og sjølv sagt ein stor og skremmande kvitebjørn. Ei magisk oppleving for heile familien.



KRAPPS SISTE SPOLE

AV Samuel Beckett

OMSETJING: Bjørn Endreson

FRÅ 17. september på Scene 3

Kor blei livet av? Becketts stykke er eit både humoristisk, beiskt og melankolsk tilbakeblikk på levd liv, lengt etter kjærleik og smerta ved å leve. Krapp sit igjen einsam, isolert og bitter. Med bandopptakaren som sin einaste venn.



SORGA KLER ELEKTRA

AV Eugene O'Neill **OMARBEIDING:**

Eirik Stubø **OMSETJING:** Ola E. Bø

NYPREMIERE 18. oktober på Scene 2

Eirik Stubøs genistrek av ei musikalsk teaterframsyning er tilbake, med knallsterke skodespelarprestasjonar og ein samspelt jazztrio. Nyoppsetjinga kjem i haust rett frå Bergman-festivalen ved Dramaten i Stockholm.



JØRGENSEN OG MOE

AV Ingrid Jørgensen Dragland og Lasse Kolsrud

BASERT PÅ DIKT AV Ingvar Moe
I BIKUBEN

Ei pittelitta jazz helling til Ingvar Moe.

Dette er skodespelar Ingrid Jørgensen Dragland, muskar Ole Christian Wetten og regissør Lasse Kolsruds kjærleikserklæring til den folkekjære forfattaren.


gjestespel:



BERRE KJÆRLEIK OG DØD

AV Ingar Sletten Kolloen
24. august i Teatersalen i BUL

Skreiv Tor Jonsson frå første stund på forteljinga om eit sjølvord? I stykket forsøker kjærasten hans, Ruth Alvsen, å finne svar på kvifor han tok livet av seg. Kunne nokon ha hindra det? Framsyninga er opphavleg produsert av Trøndelag Teater. Gjestespelet er eit samarbeid med Nynorskens hus, Bondeungdomslaget i Oslo og Tor Jonsson-laget.



HEMN / MÅVSSAHEAPMI

MANUS: Sven Henriksen
GJESTESPEL FRÅ Det Samiske Nasjonalteatret Beavivvåš
15. og 16. november på Scene 3
Korleis påverkar den moderne tida den samiske kulturen? Stykket tek for seg brytningane i det moderne samiske samfunnet. Einskildmenneske, familiar og lokalsamfunn blir sette på prøve når mineralindustrien for alvor gjer sitt inntog i Sápmi.

**MELD DEG
PÅ NYHEITS-
BREVET VÅRT OG
MOTTA GODE
TILBOD**

lesing:



TOR JONSSON – ALEINE MED SEG SJØLV

LESINGAR AV Tor Jonsson-tekstar lagt til rette for scenen av Ingrid Weme Nilsen.
FRÅ 24. august på Scene 3

I høve 100-årsmarkeringa for dikteren Tor Jonsson set vi av seks kveldar til lesing av tekstane til den folkekjære lyrikaren. Han voks opp under vanskelege og fattigslege kår på ein husmannsplass i Lom og var heilt frå barndommen prega av bitre barndomsopplevingar frå den sterkt klassesdelte heimbygda. Omgrepet «Bygdedyret» kjem frå hans kvasse penn, men han har òg skrivne nokre av våre vakraste kjærleiksdikt.

BIKUBE KVELD



KVAR FREDAG FRÅ 16. SEPTEMBER I BIKUBEN. Fredagar kl. 22.30 inviterer vi til kveldsshow og barmiljø i Bikuben. Det kan vere ein konsert, eit gjestespel, open mikrofon, eller musikalsk nachspiel med ensemblet frå ein av framsyningane våre – eller noko heilt anna! Cc: 100,- Følg med på detnorsketeatret.no for program

LUNSIJ & LYRIKK

FRÅ 22. AUGUST I BIKUBEN
Lunsj&Lyrikk er eit populært, litterært pustehol og har blitt ein fast møtestad for mange. Her blir det servert smørbrød, kaffi og heimebakte kaker frå kl. 11.00 kvar vekedag. Lyrikken blir servert kl. 12.00. Her stiller kunstnarar frå teatret med korte opplesingsprogram.

INNSIKT

FØR FRAMSYNING I BIKUBEN

Vi tilbyr eit breitt sideprogram for deg som er interessert i bakgrunnsstoff og utdyping av repertoaret. Som oftast er arrangementa knytte til kveldens framsyning, og det kan vere introduksjonar, samtalar eller aktuelle debattar. Gratis inngang! Følg med på detnorsketeatret.no for program.



TEATERPODDEN

Det Norske Teatret har byrja med podcast. Kvar veke leverer vi ny innsikt, uhøgtidelege samtalar eller reportasjar frå innsida av teateret. Følg oss på



Det Norske Teatret

**DET
NORSKE
TEATRET**
BAKTEPPET

REPERTOARMAGASIN

HAUST 2016

ANSVARLEG UTGJEVAR
DET NORSKE TEATRET,
ERIK ULFSBY

REDAKTØR
IDA MICHAELSEN

I REDAKSJONEN
ÅSNE DAHL TORP, ERLEND
TÅRNESVIK DREIÅS

REDAKSJONEN AVSLUTTA
24. JUNI.

REDAKSJONSADRESSE
DET NORSKE TEATRET, KRISTIAN
IVS GATE 8, 0164 OSLO

TRYKK GRØSET
OPPLAG 20 000
FRAMSIDEFOTO
SIREN HØYLAND SÆTER

SPONSORAR



BILLETTBESTILLING
DETNORSKETEATRET.NO
ELLER TLF. 22 42 43 44

OPNINGSTIDER
BILLETT-TELEFON:
MÅNDAG: 10.00 – 17.00
TYS.-FRE.: 10.00 – 19.00
LAURDAG: 11.00 – 17.00
SØNDAG: 2 TIMAR FØR FØRSTE
FRAMSYNING

OPNINGSTIDER BILLETTLUKA:
MÅN. – LAUR: KL. 11.00
SØNDAG: 2 TIMAR FØR
FØRSTE FRAMSYNING

GI EI TEATERGÅVE
KJØP GÅVEKORT PÅ DETNORSKETEATRET.NO ELLER I BILLETTLUKA.

FÅ TEATERINFO
MELD DEG PÅ NYHEITSBREVET
VÅRT! DETNORSKETEATRET.NO

PARKERING
SENTRUM P-HUS, INNKØYRING
VED MUNCHS GATE OG
HAMMERBORG TUNNELN
(RING 1).

**PARKERING FOR
FUNKSJONSHEMMA**
VIS-Å-VIS NASJONALGALLERIET I
UNIVERSITETSGATA.

FØLG OSS



FACEBOOK.COM/
DETNORSKETEATRET
TWITTER: @DETNORSKETEATRE
INSTAGRAM: DETNORSKETEATRET

SCAN QR-KODEN
FOR MEIR INFORMASJON
OG BILLETTBESTILLING



TRU OG TVIL

SÅ SNAKKAR VI OM DET IGJEN. Religion. Det har rett og slett blitt ein synleg tråd i repertoaret vårt å diskutere tru og tvil, religionens plass i samfunnet, og hos kvar og ein av oss. Dette er spørsmål som har engasjert, og engasjerer menneske over heile verda, spørsmål som formar samfunn, tider og folk. I framsyninga *Etterlyst: Jesus*, som opnar haustsesongen på Hovudscenen, er utgangspunktet personleg. Bjørn Eidsvåg voks opp i eit kristent miljø i industri-staden Sauda, han var trygg og skrāsikker. Over seksti år seinare er tryggleiken blitt til uro, og skrāsikkerheita til tvil. Uro for ei verd som både her heime og ikkje minst andre stader i verda framleis går langt for å slost for si heilage overtyding. Saman med Svein Tindberg, som på ein imponerende måte har brukt store delar av skodespelarlivet sitt til å dykke ned i faktisk kunnskap om heilage skrifter, vil Bjørn lufte denne uroa. Eg håpar ho vil føre til nye diskusjonar hos publikum.

REPERTOARET I HAUST ER PREGA AV NY OG NORSK DRAMATIKK. Heile fem urpremierar denne sesongen, samtidsaktuelle stykke som handlar om migrasjon i Europa, om hjernens løyndomar og om prestasjonssamfunnet. På Scene 2 opnar sesongen med ei dramatisering av Jan Roar Leikvolls roman *Songfuglen*. Eit eige univers, eit slags post-revolusjonært landskap som opnar for mange tankar. Frank Kjosås spelar hovudrolla som den kamuflerte guten Jakoba, i ei verd fullstendig overtatt av kvinner. Husregissøren vår Peer Perez Oian har regien. Vi gler oss også til å presentere Jon Fosses kanskje aller beste skodespel, *Draum om hausten*, på Hovudscenen. Jon Fosse blir spela over heile verda, og det er på høg tid at også vi løftar dramatikken hans opp i det store formatet. Trine Wiggen har regien. Som skodespelar har ho jobba mykje med Fosse sine tekstar og saman med eit sterkt ensemble er eg sikker på at vi får ei original og fascinerande framsyning om kjærleik i ulike livsfasar.

FOR DET NORSKE TEATRET er musikkteater og teater for barn to høgt prioriterte område. *Påfuglen* med undertittelen: ein urettferdig musikal blir eit spektakulært eventyr for heile familien, med ein viktig bodskap: Korleis møter vi det ukjende? Korleis møter vi dei som kjem til landet vårt? Tyra Tønnesen står for både manus og regi. Jovan Pavlovic har skrive musikken. I oktober kjem forestillinga *Fridomens vegar* av Tore Vagn Lid. Her blir Scene 2 gjord om til ein slags arena for ein quiz. Ane Dahl Torp, Marie Blokhus, Jan Grønli og Joachim Rafaelsen er vertskap, og det sentrale spørsmålet er: Kven testar testaren? Vi blir testa heile tida for å bli betre, men korleis veit vi at testen og testaren held mål? Og kva gjer dette testregimet med samfunnet vårt?

SCENE 3 ER BLITT EIN STADIG MEIR POPULÆR ARENA. Mange framsyningar går inn i repertoaret, og i tillegg kjem det tre nye spennande premierar i haust. Først ut er *Festning Europa* av Kristian Lykkeslet Strømskag. Eit stykke som går rett inn i den aktuelle debatten om flyktningssituasjonen i Europa. Etter det følgjer *Draum om våren* av Trine Falch, ein leiken og skarp kommentar til norsk næringslivs ønske om gode relasjonar med Kina for ein kvar pris. I *Draum om våren* bruker, eller misbruker, dei Jon Fosse til dette foremålet.

Og sist, men ikkje minst, kjem *Inkognitio*, av Nick Payne, også dette stykket i regi av Peer Perez Oian. Eit skodespelardrive kammerspel om kva som definerer oss som menneske. Saman med mange framsyningar i repertoar blir det ein allsidig og spennande haust her på Det Norske Teatret.




Erik Ulfshy
teatersjef

INNHALD

- 6 EIT ANNLEIS PERSONSØK**
Bjørn Eidsvåg jaktar på Jesus.
- 10 MØRKT, BRUTALT OG VAKKERT**
Frank Kjosås og Renate Reinsve om *Songfuglen*.
- 13 SANDRA KOLSTAD**
Aktuell med musikk i *Songfuglen*.
- 14 EIT SPØRSMÅL OM PERFEKTE HAUGAR OG UGRAS**
Om totalitære regime.
- 16 INNESTENG I UDYR**
Forleggaren om Leikvolls forfatterskap.
- 18 EIT DRAUMESCENARIO**
Trine Wiggen tar publikum inn i Fosses fengande verd.
- 22 EI MOTGIFT MOT DØDEN**
Sissel Gran om kjærleiken som ryk.
- 23 GARD SKAGESTAD**
Spelar Mannen som bryt opp frå familien.
- 24 PÅ HOVUDSCENEN – OG I FRYSEVOGNA**
Jon Fosse i det store formatet, og som eksportvare stengd inne med laksen.
- 28 MED QUIZEN SOM TEATER**
Og korleis funkar teatret som quiz? Tore Vagn Lid med nytt prosjekt.
- 31 ANE DAHL TORP**
Aktuell som quizvert.
- 32 MUREN OMKRING OSS OG INNE I OSS**
Festning Europa er i ferd med å reise seg.
- 34 POLITISK BARNETEATER**
Kan det vere underholdande? Ja, jubla kritikarane etter urpremieren på *Påfuglen*.
- 31 BIKUBEARN**
Barnearrangement i Bikuben.
- 38 HÅP OM FRAMTID**
For Amell Basic har framtida alltid vore lys.
- 41 DAGNY DRAGE KLEIVA**
Aktuell som scenograf for *Påfuglen* og *Songfuglen*.
- 42 OM FOSSE OG FIKSJON**
Aktuelt temateater interesserer ikkje Trine Falch. Ho harselerer likevel med norsk næringslivs-politikk og Jon Fosse på Scene 3.
- 44 DEN FORSVUNNE HJERNEN**
Albert Einsteins hjerne blei stolen av patologen.
- 46 SKODESPELARGALLERI**
Ensemblet på Det Norske Teatret hausten 2016.



EIT ANNLEIS PERSONSØK

Han har levd med han heile livet.
Men Bjørn Eidsvåg (62) veit framleis ikkje heilt kven
denne Jesus er, eller kvifor han treng han.

TEKST THOMAS KARLSEN FOTO LASSE FLØDE TIL NYNORSK VED ARNE TORP

Det er nokre år sidan no, fem for å vere heilt nøyaktig, og Bjørn Eidsvåg hadde fått sitt eige vesle talk show på TV, i grunnen ikkje så veldig mykje meir avansert enn «Bjørn Eidsvåg møter artistar og andre gjester han synest er interessante»; åtte program i alt, fordelte ut over eit par korte sommarmånader. Blant dei åtte gjestene var Harald Eia, som på dette tidspunktet hadde brukt åra før på populærforskning knytt til arv og miljø, oppsummert gjennom TV-serien *Hjernevask* og boka *Født sånn eller blitt sånn?*

- Vi hadde vore innom mange tema, han

hadde utdjupa ståstaden sin, forholdet sitt til religion, og så hugsar eg at han spurde meg, ganske insisterande: «Bjørn, trur du på Gud?» Og der og da blei det heilt umogleg å svare kort på, oppdaga eg. Som eg sa til han: «Det kan eg ikkje, for eg veit ikkje kva for gud du vil ha meg til å tru på; eg treng tid til å svare skikkeleg på det spørsmålet».

Tid er dessverre ikkje noko ein har overflod av på TV, men spørsmålet og problemstillinga blei hengande att i han etterpå, i den grad at Eidsvåg ei stund funderte på å skrive ei bok som kunne samanfatte hans mange og ulike tankar om si eiga tru. Det var for så vidt

ein tanke han alt hadde bore på ganske lenge – under konsertane sine hadde han i stadig større grad fortalt små anekdotar og historier; innimellom hadde det dermed også slått han at han burde systematisere desse på eit vis, samle dei til ein heilskap.

- Forholdet mitt til kristendom og tru er så omfattande; eg har jo vore del av det sidan eg var liten, men også vore langt borte frå det, nesten prøvd å avlære meg heile greia – ein detox, nesten – men eg har jo også innsett at dette ikkje slepper taket, at denne Jesusfiguren framleis fasinerer meg.



ETTERLYST: JESUS

AV Bjørn Eidsvåg

URPREMIERE 27. AUGUST PÅ HOVUDSCENEN

MED: Bjørn Eidsvåg m/band og Svein Tindberg

Kven er eigentleg Jesus? Kva er det med han som påverkar oss menneske så sterkt?

Det blei inga bok – i staden har han skrive teaterstykket *Etterlyst: Jesus*, som denne hausten har premiere på Det Norske Teatret, basert på hans eige livslange forhold til den langhåra misjonæren frå Nasaret.

- 'Gjer mot andre som du vil at andre skal gjere mot deg' – altså, det er jo et genialt kamprop for ei rørsle, rett og slett. Og når eg no har brukt det siste halvanna året på å dykke ned i materialet frå ei meir teologisk side igjen, så får eg stadfesta at Jesus og følgesveinane hans var ei spenstig og radikal rørsle, jamvel i dag.

Ideen fekk bein å gå på i London. Bjørn Eidsvåg og kona var i teatret for å sjå Matt Stones og Trey Parkers – *South Park*-skaparene, altså – *The Book of Mormon*.

- Kona mi er prestedotter, har noko av den same bakgrunnen som eg, men der sat vi og lo, ikkje sant, lo så vi mest slo knute på oss. Men på eitt punkt i framsyninga såg vi på kvarandre og skjønte begge, i den same augneblinken, at det vi her sat og lo av, var like mykje vårt eige ungdomsliv og vår eigen oppvekst, seier Eidsvåg, som etter å ha sett *The Book of Mormon* endeleg sat med ein idé og noko han hadde lyst å setje ut i livet.

- Dette frimotet til å seie det som det er, til å vise at det ikkje finst noko ein ikkje kan tøyse med – akkurat det tykte eg var enormt inspirerende.

Med *Etterlyst: Jesus* har han prøvd å finne ut kven Jesus eigentleg er. Den Jesus han fann i Sauda som liten er ikkje den same som han forhold seg til meir enn 60 år seinare.

- Har du fått noko svar?

- Altså, det eg har funne ut er at alle kulturar har skapt sin eigen Jesus. Og at vi står fritt til å lage vår eigen Jesus, også i 2016. Men så er spørsmålet: Treng vi det? Treng vi han? Har vi kanskje i vår tidsalder vakse frå



«Du kan seie det slik: Eg er nok laga slik at eg kanskje ikkje alltid har full dekning for alt eg skriv: Får eg ein tanke, blir eg fort litt i overkant glad i den og går ganske langt for å få han til å stemme med røyndommen.»

dette med å ha idol? Eg endar likevel med å slå eit slag for Jesus, for at han ikkje er det verste forbildet å ha, ler Eidsvåg, som fortel at framsyninga kanskje mest av alt er hans forsøk på å avsløre dei tallause freistnadene som er gjorde opp gjennom historia på å tvinge religion på folk.

- Presteskapet, for eksempel, dei folka har ein dårleg CV. Dei har funne opp hekser, vantru, skjærseld, alt dette har dei teke ut av lufta, ting som etter mitt skjønn er rein overtru og utslag av behov hos ein del menneske for å kontrollere andre. Så tanken er: Dersom vi tek bort dei tinga, overtrua og mytane, står vi igjen med noko? I så fall kva? Eller rettare sagt: Kva står eg igjen med? Kva synest eg er truverdig? Kan eg med rak rygg kalle meg kristen? I så fall: Kva trur eg på?

Og der er vi kanskje tilbake ved Harald Eia.

- Som personleg kristen går ein vel automatisk litt i forsvarsposisjon når ein blir utfordra på den måten? Barrikaderer seg i sakristiet?

- Ein gjer jo det. Og det er fordi Jesus også blir teken som ein talsmann for homohat og avgrensing av rettar for kvinner og mange andre forkastelege ting ein ikkje identifiserer seg med, men desse passasjane må du lese Bibelen med eit heilt spesielt blikk for å finne – det er jo slett ikkje den same nestekjære Jesus eg les om, i alle fall. Det er det som eigentleg ligg i botnen her, og som eg vil til livs, nemlig denne forferdelege bibeltrusken. At dette er Guds ord og du skal følgje det og så vidare. Noko som er komplett umogleg i vår tid, fordi Bibelen er full av så mykje tullball og motsetningar. Å lese han bokstaveleg er eit syndrom vi dessverre ikkje er kvitt, jamvel ikkje i ei progressiv tid som vår, og den norske kyrkja slit framleis med



dette. Det står til dømes ein stad i Bibelen at «dersom tunga di lokkar deg til å lyge, er det betre å skjere ho av», seier Eidsvåg og ler.

- Og det er, for å seie det slik, ikkje mange tungelause i den norske kyrkja.

Etterlyst: Jesus framfører han saman med band og skodespelar Svein Tindberg, kjend for teatermonologar som *Abrahams barn* og *Markusevangeliet*. Tindberg er Eidsvågs opponent i stykket, i rolla som bibeltru og flammande konservativ svovelpredikant, mellom mykje anna.

- Svein og eg kjem frå to ulike leirar; eg frå bedehusa i Sauda og ein kristeleg bakgrunn, mens han kjem frå eit frittenkjande teatermiljø og liberale teaterforeldre, med ein far som har vore oftare på «Du skal høre mye» enn nokon annan her i landet. Så Svein er ikkje befengd med denne kristne oppveksten; i staden har han møtt Jesus gjennom arbeidet som vaksen, med utgangspunkt i Jesus som hovudpersonen i ei av dei store forteljingane i verdshistoria.

I arbeidet med stykket har han, som han seier, «ublygt sendt det rundt til folk som ikkje har bede om det», kasta ball med ein krins av teologisk og historisk oppegåande venner, slik at han dermed kan gi rom for å luke bort feil og misoppfatningar.

- Eg har jo ei viss intellektuell forfengelageit også – eg vil ikkje bli teken for noko. Du kan seie det slik: Eg er nok laga slik at eg kanskje ikkje alltid har full dekning for alt eg skriv: Får eg ein tanke, blir eg fort litt i overkant glad i den og går ganske langt for å få han til å stemme med røyndommen. Men det er eg også veldig medviten om, det er ein gammal familieveiskap. Mor mi elska å fortelje historier, ho smurde gjerne dyktig på, mens far min,

som var mykje meir noktern, sat fortvila ved middagsbordet og liksom «Evelyn, det var jo ikkje sånn!». Som ho gav blaffen i, sjølvsagt. «Kvifor skal du alltid øydeleggje ei god historie?» brukte ho å kontre med.

- Kva har vore det største problemet med å skrive stykket?

- Det er nok å ikkje bli for kjepphøg, at pendelen svingar helt over til den andre enden og at eg begynner å sable ned andres tru for fote, at eg liksom bikkar over. Men eg landar på rett side, eg finn den rette balansen her. Det er nok slit mest med, er å skulle respektere tolkingar som går ut over homofile eller andre minoritetar. Eg kan akseptere at somme har eit slikt syn, men eg klarer ikkje å respektere det. Eg klarer ikkje å respektere folk som kjempar for ein ideologi der somme skal undertrykkjast.

Planen er å ta *Etterlyst: Jesus* ut på vegen neste haust, opp over heile kysten, inn i dei tronge krokane av landet der gudstrua har vore mest urikkeleg.

- Heile bibelbeltet frå Grimstad og opp til Ålesund, og også nordpå. Eg trur heilt ærleg at det er særleg viktig å spele stykket på slike stader. Eg har jo merka allereie, fordi eg har testa ut ein del av historiene på ymse kyrkjekonsertar, at det er sjeldan at folk blir sinna – folk blir i staden letta, dei ler til dømes hjarteleg når eg hengjer ut farfaren min, denne kristne tyrannen av ein mann, dei gir seg ende over og er glade over at det er lov å seie desse tinga høgt. Teologivennene mine fortel meg jo at dette maset mitt om at helvete ikkje finst, at det er å slå inn opne dører frå mi side, men det er ikkje mi erfaring.

- Nei?

- Å nei, helvete lever framleis mange stader, som eit trugsmål og skjellsord.

- Kor stor plass har Jesus i livet ditt no? Tenkjer du på han kvar dag?

- Eg har gjort det, i alle fall, i to år i strekk. Så akkurat no er eg eigentleg mökk lei heile fyren, hehe. Eg skal la han vere i fred lenge når dette er over.



SONGFUGLEN

AV Jan Roar Leikvoll

DRAMATISERT AV Demian Vitanza

URPREMIERE 26. AUGUST PÅ SCENE 2

I ROLLENE: Frank Kjosås, Renate Reinsve, Ellen Birgitte Winther, Gjertrud Jynge, Kjersti Dalseide, Trini Lund, Anne Ryg, Hilde Olausson, Niklas Gundersen

Eit storslått vrengebilde av eit samfunn der menn er fritt vilt.

A man and a woman are standing in a forest. The woman is in the foreground, wearing a black and white vertically striped long-sleeved shirt and dark jeans. She has blonde, wavy hair and is looking directly at the camera with a serious expression. The man is behind her, slightly to the left, wearing a blue and white horizontally striped long-sleeved shirt. He has dark hair and is also looking at the camera. The background is a dense forest with trees and dappled sunlight.

Alle samfunn utviklar
normer og reglar for
korleis ein skal te seg.
Dei som ikkje passar inn
gjer til slutt opprør.

Mørkt, brutalt og vakkert

– Det er ei vanvittig frårøving av identitet, seier Frank Kjosås. Han spelar hovudrolla som Jakoba i *Songfuglen*, ei rolle regissør Peer Perez Øian meiner han er som skapt for.

TEKST ÅSNE DAHL TORP FOTO SIREN HØYLAND SÆTER
STYLING OSKAR ANDREAS PASK/YME/PALEET

Tematikken i Jan Roar Leikvolls roman engasjerer openbert skodespelaren. Han trommar fingrane rytmisk i kantinebordet. Ser ettertenksam bort på kollegaen sin på motsett side.

– Stykket tar opp mørke tema på eit underfundig vis, seier Renate Reinsve. Ho skal spele rolla som Tikva, jenta Jakoba forelskar seg i. Men *Songfuglen* er ingen romantisk komedie. Tvert imot eit nokså dystert landskap å gå inn i. Leikvoll har dikta opp eit kvinnesamfunn der menn for lengst er utstøytte.

– Det har vore ein konflikt eller ein revolusjon i fortida. Men vi får aldri vite kva, fortel

Renate. Dei mennene vi får høyre om, er anten villmenn som lever i skogen og jamleg kjem på raid i byen, eller prostituerte avlsmaskinar på bordellet. Kva som hender med gutebarna som blir fødde, er det ingen som snakkar om. Men Jakoba er ein av dei. Ein gut som har vakse opp som jente, med skjult identitet. No er han på veg inn i puberteten, og kva kjønn han er byrjar å bli vanskeleg å skjule. Skoa er for tronge, kjolen òg. Hår kjem til syne i andletet. Stemma endrar seg.

KJØNN ER IKKJE VIKTIG

Leikvolls dystopiske univers representerer likevel ikkje eit innlegg i debatten om «kva som hender når likestillinga er gått for

langt». Kjønnsperspektivet er eit verkemiddel for å setje ting på spissen – eit bilde på noko meir. Men kva?

– Stykket viser kva som hender når mennesket blir utsett for tvang og press for å vere noko ein ikkje er, meiner Frank.

– Ein kan sjå det som eit erkematriarkat som er litt høgt på seg sjølv. Det ligg også ei enorm einsemd i det. Jakoba er ein skjor gut og kjenner seg heilt åleine. Han kjenner seg kvelt og opplever verda som uforståeleg, falsk og forvirrande.

Sjølv «fann» Frank seg sjølv på ein liten hybel på Romerike Folkehøgskole etter å ha vakse opp som ein slags songfugl i Hardanger. Han tenkjer med gru på alle som ikkje



tør å finne sin eigen identitet, som aldri «passar inn» i livet dei lever.

– Ein kan også sjå motivet som bilde på korleis samfunn oppstår og går til grunne på nytt og på nytt. Alle samfunn utviklar normer og reglar for korleis ein skal te seg. Dei som ikkje passar inn gjer til slutt opprør.

KROPPSLEG UTFORDRING

For Frank representerer rolla ei heilt ny og stor utfordring. For korleis går ei jente på tretten år? Eller rettare – ein tretten år gammal gut som er oppseda til å vere jente? Stemmeleiet er lysare og mildare enn vanleg. Men aller størst er den songlege utfordringa. Dette er eit teaterstykk med mykje musikk. Sandra Kolstad har komponert songar, korparti og stemningsmusikk som tilfører noko vakkert til dei brutale omgjevnadene. For songen har ein viktig funksjon i dette samfunnet, og Jakoba er ein gud-gjeven songar.

– Eg er eigentleg ein lys tenor. Sist eg song var i *Sweeney Todd*. Da song eg baryton. Men no skal eg syngje gutesopran. Eller kontratenor, som er det næraste ein kjem som mann. Eg må bruke hovudklang og falsett, som det heiter på fagspråket. Det er ein heilt ny måte for meg å bruke stemma på. Eg kan ikkje spele i noka framsyning dagen før. Stemma må kvile. Det er ekstremt teknisk utfordrande.

DØDSDØMD KJÆRLEIK

Songen er Jakobas redning i samfunnet. Som kastratsongar kan han leve vidare

– Alle menneske
må finne sin måte å
passe inn i samfunnet
på. Kunsten er å
samtidig halde på sin
eigen identitet.



Det er første gongen Renate og Frank står saman på scenen. Dei meiner stykket handlar om å få lov til, og å tore å vere den ein er.

– men det har ein stor pris. Han må gjennomføre eit velkjent fysisk inngrep som gjer han til evnukk. Dermed mistar han heile identiteten sin og kva han er og kunne ha blitt. Retten til kjærleik. Jakoba har vunne ein stor songkonkurranse og har fått plass på songskolen til den aller mest verdsette songlærarinna; Malinovskaja.

Hos henne møter han Tikva, som Renate skal spele:

– Det er ekstremt mykje på spel. Alt kan løyse seg. Men så kjem eg, tenestejenta til Malinovskaja. Tikva er 16-17 år og kjenner seg, som Jakoba, fanga i dette samfunnet.

Ho kan ikkje leve livet utan å kjenne nærleik til ein mann, noko ho aldri kan få på ordentleg. Samfunnet avgrensar seksualiteten og kjenslelivet hennar.

– Møtet med Tikva rystar Jakoba i sjela. Ho vekkjer mannen og kjenslene i han. Ho ser han og elsker han for den han er. Ho er ærleg og seier sanninga. Dei møtest i einsemda dei begge kjenner, og møtet deira

blir ei flukt frå samfunnet. Jakoba mistar fullstendig fatninga, seier Frank.

Tikva og Jakoba innleier eit forhold, men det er farleg og nokså sikkert dømd til å ikkje få ein lykkeleg utgang.

– Ein tek eit val kvar dag om å bli i det samfunnet vi er ein del av, sjølv om det er eit passivt val. Jakoba risikerer livet anten han vel å bli der han er eller om han vel å bryte, meiner Renate.

FRI SOM FUGLEN?

Songfuglen er eit bilde på mennesket i samfunnet. Malinovskaja seier at songfuglane som lever i bur er lykkelege, fordi dei ikkje kjenner til verda utanfor. Dei er trygge, dei har ingen ytre fiendar. I boka har Jakoba også ein songfugl som er fri, men som ikkje rommer.

– Alle menneske må finne sin måte å passe inn i samfunnet på. Kunsten er å samtidig halde på sin eigen identitet, seier Renate. Ho ser på Frank.

Bør ein tilpasse seg samfunnet, eller bryte?

– Ein må tilpasse seg, svarar dei, nærast i kor.

– Tilknyting, det å høyre til, er det viktigaste. Ein har ikkje noko val. Ein må alltid tilpasse seg naturen.

AKTUELL

SANDRA KOLSTAD

POPARTIST OG KOMPONIST


Aktuell med musikken til SONGFUGLEN.

Eg kjende straks ei draging mot dette stoffet, det mørke og dystre. Det er ei sterk fortelling som etterlèt ein djupt rørt. Historia har politiske undertonar: Kva er akseptert - kva er ikkje akseptert - kven bestemmer kva som er norma? Eg er grunnleggjande oppteken av kjønn og identitet og meiner at alle må få skape sin eigen identitet og definere seg sjølve. Kven ein er her i verda kan lett bli eit påtvinga skal.

Det slo meg kor mykje musikk det er i boka. Eg har freista å høyre for meg og tolke musikken Leikvoll har skildra. Kva lydrom måler han opp? Lydbildet blir ei blanding mellom elektroniske lydteppe, piano, synth, song og korparti. Eg strekkjer meg etter at mest mogleg skal vere live. Det blir musikk med religiøse undertonar, svevndyssande musikk og songar med meir militant, suggererande og trugande karakter. Musikk har opp gjennom historia blitt brukt til dei forferdelegaste ting, men også dei nydelegaste. Eg prøver å nytte dette doble.

Musikken representerer både fangenskap og fridom for Jakoba, som er ein velsigna songar. Det same er Frank Kjosås, som spelar Jakoba. Musikken har ein sentral plass i dette samfunnet og det å vere songar blir sett på som noko opphøgd og ærverdig. Frank har gitt meg beskjed om å ikkje avgrense meg i noka retning. Han har ei enorm stemme, og det gjer dette mogleg. Å syngje i fallet bryt med norma for korleis menn «skal» syngje. Men det får fram så mange såre kvalitetar og er sterkt å lytte til. Vi vil også utfordre korleis vi er vane med å høyre kvinner syngje - vi er ikkje så opptekne av typisk «skjønnsong».





rdet totalitær smakar av Holocaust og Gulag, av Orwells originalversjon av *Big Brother*, av statleg terror og overvaking døgeret rundt. Ein av Hitlers næraste

medarbeidarar, Robert Ley, uttrykte det i ein knapp formel: Den einaste som har noko privatliv i Tyskland i dag, er ein som sov.

Det totalitære er alt dette. Men det er òg mykje anna og mykje meir. Det er òg, og ikkje minst, vyar og visjonar om ei ny og mykje betre verd – ei verd utan svolt og naud, utan krig og grufulle hendingar, utan ulikskapar og urettferd. Kort sagt eit ideal-samfunn, ei fullkomen verd. Og det er nettopp dei storslegne visjonane som legitimerer terroren og overvakinga.

STORSLEGNE IDEAR

Totalitære regime var eit produkt av første verdskrigen. For mange menneske tydde den krigen eit samanbrot for utviklingsoptimistiske tankar om at verda ville gå framover i ein jamn, stigande kurve: utvikling av liberal fridom, demokratiske institusjonar, materiell velstand, vitskap, teknologi og sivilserte omgangsformer. Ein opplevde første verdskrigen som eit ufatteleg, meningslaust blodbad, regissert og utført av dei leiande

statane i verda. Resultatet av krigen var at gamle, stabile stormakter braut saman, og i kjølvatnet av krigen kom økonomiske kriser, brutale borgarkrigar og omfattande sosial uro. Det kunne sjå ut som om heile den etablerte verda stod framfor undergangen.

Men første verdskrigen gav òg impulsar til å tenkje nytt og stort. Ein såg resultat av denne nytenkjinga i Lenins og Stalins Sovjetunion, Mussolinis Italia, Hitlers Tyskland. Desse regima var noko nytt i verdshistoria. Dei tok prinsipiell avstand frå liberale demokrati, men dei var annleis enn tradisjonelle tyranni. Dei var styrde av storslegne idear om nye samfunn og nye menneske. Ideane kunne vere svært ulike, og det var regima òg. Kommunismen var ein dødsfiende av fascismen og nazismen, og oppslutninga om dei nye rørsene i Italia og Tyskland kom ikkje minst av frykt for at revolusjonen i Russland skulle spreie seg.

Men det var ikkje desto mindre sterke felles trekk, både i sjølve ideane og i dei nye regima som var baserte på dei. Verdas første eittpartistat var det sosialistiske Sovjet-Russland. Det fascistiske Italia følgde snart etter, og nokre år etter der igjen blei det etablert ein eittpartistat i Tyskland. Desse tre regima tolte inga form for opposisjon. Men dei totalitære maktthavarane kravde ikkje berre

at undersåttane deira var lydige. Dei kravde aktiv og entusiastisk masseoppslutting. Skolar, kunst, kulturliv og arbeidsliv, møte, paradar og opptog, seremoniar og ritual – alt og alle blei gira inn på dei storslegne ideane til dei statsberande partia.

Vi kan snakke om ein totalitær tenkjemåte, ein totalitær mentalitet som er felles for høgst ulike ideologar. (Tilhengjarar av desse ideologane vil naturlegvis nekte på det sterkaste for at det finst slike fellestrekk og ein slik felles mentalitet.) Totalitære tenkjarar har løysinga på alle problem. Dei veit kva verkemiddel som er naudsynte, og dei veit kven som må drepast. Dei prøver å leike Gud.

DET FULLKOMNE SAMFUNNET

Totalitære rørsler meiner at dei har funnet den eine, store Sanninga om samfunn, historie, politikk, økonomi og kultur. Dei har oppskrifta på det fullkomne samfunnet, og dei veit kva som må gjerast for å kome dit. Dei forkastar dei eksisterande samfunna og meiner at det er naudsynt med eit revolusjonært brot med samfunnet slik det er. Alternativet, slik dei ser det, er samanbrot og barbari.

Med denne tenkjemåten blir politikk noko anna og mykje meir enn det hadde vore. Politikk blir altomfattande og absolutt, det blir løysinga på alle problem. Men

EIT SPØRSMÅL OM PERFEKTE HAGAR OG UGRAS

I framsyninga *Songfuglen* har Jan Roar Leikvoll dikta fram eit totalitært kvinnesamfunn, der mennene er fordrivne for fleire generasjonar sidan. Her veks ungguten Jakoba opp, forkledd som jente. Kva er eit totalitært samfunn, og kvifor oppstår dei? Vi har bede historikar og forfattar Øystein Sørensen fortelje.

SONGFUGLEN

AV Jan Roar Leikvoll

DRAMATISERT AV Demian Vitanza

URPREMIERE 26. august på Scene 2

REGISSØR Peer Perez Øian

MED Frank Kjosås, Renate Reinsve, Gjertrud Jynge, Ellen Birgitte Winther, Kjersti Dalseide, Trini Lund, Hilde Olausson, Niklas Gundersen, Anne Ryg

Eit storslått vrengebilde av eit samfunn der menn er fritt vilt.

politikk blir òg det å styre og kontrollere alle fasettane av menneska sine liv. Menneska skal formast slik at dei blir Nye Menneske i ei Ny Verd. Dei skal tenkje likt, dei skal vere oppslukte av den same, store visjonen. Alt og alle som er usamde blir per definisjon hindringar som må ryddast av vegen. Fordi målet er så stort, meiner totalitære ideologar at dei har rett til å ta i bruk alle verkemiddel for å kome dit. Vald og terror i masseomfang, om naudsynt. Eitt menneskeliv eller hundre eller ein million blir berre bagatellar i den store samanhengen. Holocaust var eit naudsynt verkemiddel for at Hitler skulle kunne realisere idealsamfunnet sitt. Gulag var naudsynt for at Stalin skulle realisere sitt.

Dette er ikkje berre fjern fortid heller. Totalitære ideologiar og rørsler gjer seg stadig gjeldande i nye former. For Anders Behring Breivik var massakrane 22. juli 2011 naud-

synte verkemiddel for å skape det idealsamfunnet han ville ha. For IS – Den islamske staten – er terroraksjonar og massakrar naudsynt verkemiddel for å skape ei ny og fullkomen verd slik dei vil ha den.

GARTNARMETAFOREN

Om ein vil ha ein metafor som illustrerer dette totalitære forsøket på å leike Gud – eller om ein vil, å erstatte Gud – så synest eg den polske sosiologen Zygmunt Baumanns omgrep om gartnarimpulsen ("the gardening impulse") er treffande. Baumanns utgangspunkt er at det i den moderne verda – verda etter gjennombrøtet for opplysningsideane – ikkje blir oppfatta som Guds ansvar å skape ei ny og betre verd. Menneska må gjere jobben åleine, ved hjelp av vitskapen og den byråkratiske rasjonaliteten. Og enkelte menneske tar jobben svært alvorleg. "Gartnarim-

pulsen" ein overordna visjon for samfunnstenleg ingeniørkunst – og, i konsekvensane, ei oppskrift på massedrap og folkemord.

Dei som er dominerte av gartnarimpulsen meiner at dei har eit moralsk ansvar for å skape ei ny, ordna og harmonisk verd. Samtidig er dei òg teknologisk, administrativt og politisk i stand til å gjere det, eller i det minste: til å prøve. Dei må, og dei kan skape ei ny og betre verd. Da må dei òg fjerne hindera. Dei må fjerne alle som øydelegg og ikkje passar inn. Om naudsynt heile folkegrupper, om mogleg i effektive, industrialiserte folkemord. På same måten som ein gartnar, må og kan dei luke ut ugras.

Og alle som har drive med litt hagearbeid veit at det å luke ut ugras er ei sisufosoppgåve. Ikkje for ein trur ein er ferdig, så er det der igjen. Dette er òg ein del av gartnarimpulsen: Vegen mot det fullkomne samfunnet er fylt med ugras. Utreinkingane må halde fram heile tida. Det tar aldri slutt.

Gartnarmetaforen fokuserer på det grunnleggjande menneskesynet i den totalitære tankeverda. Det skal skapast eit fullkome samfunn for heile menneskeslekta (som i kommunismen) eller for ein utvald del av menneskeslekta (som i fascismen og nazismen). Enkeltmenneske som ikkje passar inn i det fullkomne må reinskast ut. Sjølv om målet blir kopla til aldri så mange honnørord om lykke og harmoni og fridom, så har den enkelte berre verdi i den grad han eller ho finn den oppmerkte plassen sin i kollektivet. Dei som ikkje vil innordne seg, dei er ugras.



SONGFUGLEN

AV Jan Roar Leikvoll

DRAMATISERT AV Demian Vitanza

URPREMIERE 26. august på Scene 2

REGISSØR Peer Perez Øian

MED Frank Kjosås, Renate Reinsve, Gjertrud Jynge, Ellen Birgitte Winther, Kjersti Dalseide, Trini Lund, Hilde Olausson, Niklas Gundersen, Anne Ryg

Eit storslått vrengebilde av eit samfunn der menn er fritt vilt.



Bekmørk tematikk i eit vakkert språk, går igjen i omtalane av forfattaren Jan Roar Leikvolls litteratur. Før han døydd, berre 40 år gamal, rakk han å skrive fire kritikarroste romanar, og å motta seks prisar, mellom dei Nynorsk litteraturpris og Stig Sæterbakkens minnepris. Familien ønskjer at han skal leve vidare gjennom forfattarskapen sin. Foto: Tove K. Breistein

INNESTENGD I UDYR

Da Jan Roar Leikvoll gjekk bort så alt for tidleg i 2014, mista litteratur-Noreg ein av sine fremste stemmer. Forleggar Christian Kjelstrup fortel om forfattarskapet, og kva det har betydd for han.

TEKST CHRISTIAN KJELSTRUP **FOTO** TOVE K. BREISTEIN
TIL NYNORSK VED UNN CATODOTTER FYLLINGSNES

Da Jan Roar Leikvoll debuterte med *Eit vintereventyr* hausten 2008, skjønte kritikarane raskt at romanen dei hadde fått tilsend var eit uvanleg stykke litteratur.

«Mirakuløs debut» skreiv ein av dei. «Svart perle» skreiv ein annan. Sidan kom tre romanperler til, i nokså rask rekkefølge: *Fiolinane* (2010), *Bovara* (2012) og *Songfu-*

glen (2013). Alle fekk svært gode tilbakemeldingar og stadfesta Leikvolls posisjon som ei original stemme i norsk samtidslitteratur. I 2014 døydd Leikvoll brått. Eit stort tap og ufatteleg trist, ikkje berre for hans næraste, for tenk kva han kunne skapt om han hadde fått leve mykje lenger.

Kva er det som gjer Leikvoll så verd å leggje merke til? Eitt svar, ved første augekast, er

valet av univers. Handlinga i *Eit vintereventyr* er lagt til ein konsentrasjonsleir. I *Fiolinane* er vi i eit primitivt samfunn, ei ørkenaktig søppelfylling. Berre eit fly på himmelen og eit par andre rekvisittar røper at handlinga går føre seg i moderne og sannsynlegvis postapokalyptisk tid. Kanskje er det ein miljøkatastrofe eller krig som har isolert menneska i dette samfunnet. Dei er nakne og bur i provisoriske skur, oppfører

seg som dyr mot kvarandre. Heita er uut-haldeleg, svolten gneg, livet handlar om å overleve. Akkurat slik fangane i debutromanen er sperra inne bak piggrådgerda rundt leiren, er menneska i *Fiolinane* omringa av måneaktige fjell som ingen nokon gong har vore bortanfor. I *Bovara* er vi på innsida av eit kloster. Utanfor klostermurene ligg den fiktive byen som har gitt namn til romanen. I *Songfuglen* er vi i ein annan fiktiv by, der kvinnene har tatt makta. Dag og natt høyrst brøl frå skogen utanfor bymuren. Der lever dei bortstøtte mennene, som av og til går til åtak på byen, i forsøk på å ta den attende.

Sjolv ut frå eit raskt handlingsreferat som dette, forstår ein at bøkene til Leikvoll er lenger unna norsk samtidsverkelegheit i tid og rom enn det som er vanleg i mykje norsk samtidslitteratur. Det same kunne vore sagt om Leikvoll sjolv. Delar av året levde og arbeidde han i Kviterussland, eit land få av oss reiser til. Eit land i sentrum av Europa, men i periferien av medvitet vårt. Også i bøkene sine oppsøker Leikvoll verkelegheiter mange ville ha vegra seg mot å gå inn i. Og nettopp derfor vedkjem bøkene hans oss. Det vesentlege viser seg i det tilsynelatande perifere: Ved å setje karakterane sine under ekstreme livsføresetnader, som i *Fiolinane*, tvingar han dei til å ta ekstreme val og vise den sanne naturen sin. Fordi nesten ikkje noko menneskeleg er framand for han, trer karakterane fram som djupt menneskelege, også når dei oppfører seg heilt annleis enn deg og meg. For dette er det andre som kjenneteiknar dei fire romanane Leikvoll fekk gitt ut i løpet av fem år: Karakterane er outsidersar, til dels merkelege og groteske. Det gjeld særleg den namnlause hovudpersonen i *Eit vintereventyr* og munken Frrok (også namna er annleis hos Leikvoll) i *Bovara*. Hovudpersonane i *Fiolinane* og *Songfuglen* er framandgjorde først og fremst i kraft av at dei er gutar i ferd med å bli menn. Dei prøver å forstå seg sjolve og verda dei er ein del av, og det er i denne spaninga mellom individ og samfunn at Leikvolls romanar utfaldar seg. Eller for å seie det på ein annan måte: Ved å setje underlege karakterar inn i ei underleg verd dei er på kant med, oppstår det uvilkårleg spaning.

Ingen som har lese ei Leikvoll-bok, gløymer det. Sjolv var eg heilt utmatta etter at eg hadde lese ferdig, eg kjende det i heile kroppen. Bøkene har eit veldig trykk i seg, stemninga er uhyggeleg og klaustrofobisk, karakterane brenn seg fast i deg. Dette er lett å seie. Ikkje like enkelt er det å peike på kva i tekstane som skapar eit slikt trykk, men eg skal gjere eit forsøk. Leikvolls bøker har nemleg enda eit påfallande fellestrekk: Innanfor dei av-

stengde universa der handlinga går føre seg, finst det i alle romanane eitt eller fleire enda mindre og avstengde – og dermed enda meir klaustrofobiske – rom. Hovudpersonen i *Eit vintereventyr* deler rom med Hans. Begge er fangevaktarar, men er like lenka til leirverkelegheita som fangane dei er sette til å vakte over. Dei vil vekk, men det er umogleg. Berre på det vesle rommet sitt har dei eit slags privatliv, i skjul for leirleinga. I *Fiolinane* sperrer får og son mora inne i eit mindre skur. I *Bovara* sperrar Frrok ei gravid kvinne inne i klosterkjellaren. I *Songfuglen* må hovudpersonen Jakoba for all del skjule at han ikkje er jente. Får omverda vite det, kan det få fatale følgjer. Mora kler han i kjole og flettar håret hans, og berre heime hos seg sjolve kan dei snakke fritt. Alle hovudpersonane til Leikvoll er anten fødte eller sette inn i ein samanheng dei ikkje rår over. Dei er tatt til fange av sjolve tilveret.

Det inste rommet i romanane finst i hovudpersonane sjolve. Kvar og ein ber dei på forbodne kjensler og ei fundamental einsemd. Ta fangevaktaren i *Eit vintereventyr*:

Om natta sov Hans og eg i kvar vår seng, rommet var smalt og jernsengene stod nær kvarandre. Det hende eg vakna utpå natta og berre lytta til pusten frå Hans. Var andletet vendt mot meg, kjende eg ein mild varme frå munnen hans, større var ikkje avstanden mellom oss (...) Eg heldt handa mi framfor Hans sin sovande munn, og når han hadde pusta på henne ei lita stund, drog eg handa til meg og la henne mot mitt eige andlet, goymd under det tjukke ullpleddet, der eg kjende lukta av Hans til min eigen svevn kom.

Også Hans lengtar vekk, til ei kvinne han har utanfor leiren. Hovudpersonen på si side fantaserer om eit liv med Hans. Han flyktar inn i ei drøymeverd der dei to mennene bur i eit idyllisk hus i skogkanten, men inst inne veit han at det er umogleg. Det er denne intense lengta, som hovudpersonane må bere åleine fordi kjenslene deira er forbodne eller dei ikkje får kjærleik attende, som skapar det særprege trykket i romanane til Leikvoll. Inntrykk som aldri kan uttrykkjast. Ein slags mental drivhuseffekt, som gjer at karakterane blir gåande som levande trykkokarar

og held på å sprengjast innanfrå. Dei er, for å låne eit bilde frå Leikvolls forfattarkollega Olaug Nilssen, «innestengt i udyr». At vi føler med dei, sjolv når dei utfører grufulle handlingar, viser Leikvolls styrke som forfatter. Fleire av karakterane endar opp som drapsmenn. Kanskje skuldast dette at vald står att som den einaste moglege forma for overskriding når verda er stengd, sjolvrealisering er umogleg og kjærleiken ikkje kan realiserast. Slik blir Leikvolls bøker også

djuptlodande studium i utviklinga av psykologien til (rett nok ukonvensjonelle) drapsmenn. Det i seg sjolv gjer dei ulideleg spanande, nesten som krimromanar, for vi anar at det kjem til å gå gale.

Alle hovudpersonane til Leikvoll er anten fødte eller sette inn i ein samanheng dei ikkje rår over. Dei er tatt til fange av sjolve tilveret.

I 2012 laga NRKs dokumentarjournalist Ninja Benneche eit nærgåande, men nennsamt tv-portrett av Jan Roar Leikvoll. I samtalen med Benneche går forfattaren sjolv langt i å hevde at trykket eller nerven i

bøkene hans har utgangspunkt i ein eigenerfart tilstand. Som gut fekk han påvist ein tumor i hjernen. Kanskje som ei følge av dette blei Leikvoll praktisk talt lam ein lengre periode seinare i livet. I fleire månader låg han berre og stira i taket. – Veldig mykje av grunnlaget for dei verkeleg mørke sidene ved meg sjolv blei skapt da, uttalar han til NRKs journalist. Kjensla av å vere innesperra i sitt eige sinn, gav han tilgang til eit repertoar av mareritt, raseri og angst, som han sidan kunne kalle fram att og bruke litterært. Eller som han seier i dokumentaren: – Før skreiv eg berre vanleg om heilt vanlege ting.

Jan Roar Leikvoll skreiv ikkje berre uvanleg godt om uvanlege ting. Som sitatet frå *Eit vintereventyr* roper, skreiv han òg uvanleg vakkert. Kanskje er dette, når alt kjem til alt, det mest fundamentale kjenneteiknet ved romanane til Leikvoll: Det poetiske språket, ein var og rytmisk nynorsk. Slik går det an å seie, kor forferdelig det enn kan høyrast, at tumoren også gav han noko. At Leikvoll, i motsetnad til hovudpersonane sine, makta å foredle erfaringane sine og omarbeide dei til kunst, er gáva hans til oss.

Christian Kjelstrup er forlagsredaktor i Aschehoug. Hausten 2015 opna han Fiolinanes bokhandel i Bergen, ein pop up-bokhandel der han berre selde bøkene til Jan Roar Leikvoll.

DRAUM OM HAUSTEN

AV Jon Fosse

PREMIERE 15. oktober på Hovudscenen

REGISSØR Trine Wiggen

MED Gard Skagestad, Iren Reppen, Hildegun Riise, Bernhard Ramstad, Nina Woxholt, Sara Khorami, Audun Sandem

Vakkert, sårt og tidlaust om kjærleik og familieband som ryk.



Eit draumescenario

Med oppsetjinga i haust av *Draum om hausten* tar skodespelar og regissør Trine Wiggen publikum med inn i Jon Fosses ubegripelege og fengande verd.

TEKST THOMAS KARLSEN TIL NYNORSK VED ARNE TORP

Et par møtest på ein benk og forelskar seg. Dei har møtt kvarandre før, men ikkje sett ord på kjenslene sine. Her, på denne benken, kjem mannen til å bryte med fortida si, medrekna foreldre, kone og barn for å leve ut den nye kjærleiken.

Slik byrjar *Draum om hausten*, eitt av nøkkelstykkene i Jon Fosses dramaproduksjon, skrive i det siste året for tusenårsskiftet og kanonisert av Morgenbladet då avisa i 2013 sette saman ein jury til å samle den norske post-Ibsenske dramakanonen. Sjølv har han i intervju kalla det «eit slags måleri over livet».

– Fosse sine tekstar rører meg på mange plan, seier Trine Wiggen (48), som har regi på *Draum om hausten*, ein av premierane i haust på Det norske teatret.

– Evna han har til å nærme seg det ubegripelege ved livet grip meg så hardt. Nei, livsmysteriet er kanskje ikkje til å forstå, men det er som om stykket hans i korte glimt opnar nokre luker inn i dette uforklarlege og peikar på noko større som vi alle er ein del av.

For teatergjengarar vil Trine Wiggen frå Stjørdal, nokre mil aust for Trondheim, truleg vere betre kjend som skodespelar enn regissør – til dagleg arbeider ho på Nationaltheatret, sist i Kjersti Horns oppsetjing av *Richard III*; til dette kjem også ei rad film- og TV-roller dei siste nokre-og-tjue-åra inkludert, for berre å nemne eit lite knippe; roller i Jarle Klepp-filmene *Mannen som elsket Yngve* og *Jeg reiser alene*, Sara Johnsens *Vinterkyss*, Dag Johan Haugeruds *Som du ser meg*, krimserien *Det tredje øyet*. Ikkje minst vil mange

hugse henne som den prosjektorienterte og ikkje så reint lite sjølvopptekne legen Karianne Vindenes i den svarthumoristiske *Kampen for tilværelsen*, ei rolle ho også blei nominert til Gullruten for. Og likevel: heilt sidan ho gjekk ut av Teaterhøgskolen i 1994, for meir enn tjue år sidan, har ho med ujamne mellomrom teke steget over og inn i regirolla, sist med *Det merkelege som hende med hunden den natta*, som har vore spela på Det Norske Teatret sidan våren 2014.

– Og det er fordi eg liker å veksle mellom å regissere og spele. Som skodespelar skal eg fordjupe meg i rolla mi, vere med på å forløyse ideen til regissøren. Som regissør skal eg derimot vere arbeidsleiar for både eit skodespelarensemble og eit kunstnarisk lag: scenograf, komponist, koreograf og lysdesignar. Saman skal vi forløyse det som i utgangspunktet er mi lesing av dette stykket. Det er kjempeskummelt og eit veldig stort ansvar.

– Skulle du ønskje fleire skodespelarar tok på seg regiansvar?

– Absolutt. No er det sjølvsagt

ikkje alle skodespelarar som er interesserte i å regissere, men eg trur det finst mange som ikkje vågar. Medan eg utdanna meg til skodespelar og i åra etter, stod regiteateret veldig sterkt. Vi skodespelarar blei liksom opplærte til å tro at det å regissere og spele var fundamentalt forskjellig. Regissørar og skodespelarar har ulike funksjonar,

sjølvsagt, men vi kan mykje av det same! Og skodespelarar er ikkje dumme, slik eg også fekk inntrykk av at vi helst burde vere, dei første åra eg var ved teateret. Mange av oss har djup innsikt i verdslitteraturen.

Ein blir ikkje dum av å nærlese Shakespeare, Tsjekhov, Ibsen eller Fosse, for den saks skuld.

– Eg har i grunnen fått enda større respekt for skodespelarar etter at eg sjølv begynte å regissere; er blitt veldig stolt over å vere skodespelar. Å vere skodespelar, det er ei livslang øving i empati, i å prøve å leve seg inn i kva det vil seie å vere eit anna menneske.

Tilbake til Jon Fosse. Det skal visstnok ha vore tilfeldig at den ovannemnde oppsetjinga av *Det merkelege som hende med hunden den natta* blei omsett til norsk av Fosse, etter oppfordring frå Wiggen sjølv. Det betyr ikkje at ... *hunden den natta* var første gongen dei møttest – alt i 1995 spela ho den kvinnelege hovudrolla i uoppsetjinga av *Namnet* på Den Nationale Scene i Bergen, i det som også var debuten hennar som skodespelar på eit institusjonsteater; sidan har vegane deira kryssa kvarandre fleire gonger – mellom anna då ho i 2002 dramatiserte og sette opp romanen hans *Stengd gitar* under tittelen *Liv*.

– Kva er det som appellerer til deg ved *Draum om hausten*?

– Først og fremst at stykket femnar så vidt. På den eine sida har du eit konkret familiedrama, med barn og foreldre som slit med å kommunisere, og så er det også eit generasjonsdrama – eit erotisk kjærleiksdrama og eit eksistensielt drama – og denne kontinuerlege vekslinga gjer det til eit veldig spennande stykke.

– Men kanskje ganske utfordrande å regissere? – Er du galen – ja!

Draum om hausten har eit relativt lite persongalleri. Ei mor og ein far, sonen deira, eks-kona hans, den nye kjærasten hans, sonen hans, Gaute, som vi aldri møter, men som ein forstår er på eit sjukehus; alle saman



Kampen for tilværelsen.

Foto: Thomas Fikstrøm/NRK



For rolla som Valerie Solanas fekk Trine Wiggen i 2010 Hedda-prisen for beste kvinnelege skodespelar. Foto: Gisle Bjørneby/Nationalteatret



Trine Wiggen regisserte sitt første stykke på Det Norske Teatret i 2014. *Den merkelege som hende med hunden den natta* går framleis for fulle hus. Foto: Dag Jenssen.



Foto: Gisle Bjørneby

TRINE AMALIE WIGGEN

Fødd: 1968

Frå: Stjørdal i Nord-Trøndelag
Studerte ved Statens Teaterhøgskole 1991-1994

Yrke: Skodespelar og regissør

Amandapris-nominert for *En folkefiende* og *Bitre blomster*.
Vann i 2010 Hedda-prisen for rolla som Valerie Solanas i *Valerie Solanas skal bli president*.

Aktuell: Har regi på Jon Fosses *Draum om hausten*.

slit dei med å nå kvarandre, glid lenger og lenger vekk frå kvarandre, heilt til kontakten er borte. Ein anar eit veksande mørke, noko tungt og trugande og usagt som rullar inn over karakterane.

– Eg kan ikkje seie kvifor mannen i stykket verkar så ulykkeleg i starten, eller kvifor mora er så redd for at han skal bli borte, at han skal dø, som ho seier. Ho sørgjer over at sonen dreg seg unna henne, er redd for han skal forsvinne. Kanskje er det ei universell morskjensle, ei redsle som foreldre sit med heilt frå den augneblinken barna blir fødde, seier Wiggen, som framleis kan påkalle denne kjensla av akutt panikk, av vill desperasjon då den nyfødde sonen hennar fekk feber for meir enn tjue år sidan.

– Legane kunne ikkje seie kvifor. Det bar rett på intensiven. Morskjensla blei liksom vekt med eit brøl; eg hugsar at eg tenkte: «Eg kan døy no, berre det bergar livet hans». Det var eg klar til, seier Wiggen som også kjenner seg igjen i faren i stykket, han som prøver å vere den sterke, som prøver å snakke mora til fornuft.

– Og så kjenner ein seg igjen i Gry, den forsmådde kvinna, som tviheld på det ho kan frå det gamle livet, og i den nye kvinna som elsker, og prøver å halde fast den ho elsker. I det heile tatt.

Som tilskodar kjenner ein seg kanskje litt att i korleis alle på sitt vis slit med å få tilværet til å gå opp?

Altså, eg har jo aldri vore klinisk deprimert, men eg har jo vore så lei meg at det har vore som om alt det vakre som finst i livet ... det er som om ingenting gjer inntrykk, fortel Wiggen.

– Årstidene kjem og går, svarttrosten syng om våren, men det verkar ikkje på deg, du kjenner deg heilt isolert frå livet, og mens det står på, kjennest alt veldig meningslaust.

– *Og så er det kanskje også noko litt tabubelagt ved å vere del av ein familie i opplysning?*

– Om ikkje direkte tabubelagt, så i alle fall noko som er forbunde med skam, trur eg. Du har mannen som svik sin eigen son, denne Gaute som ligg på sjukehuset og er i ferd med å dø, etter det dei seier. Kvifor gjer foreldre slikt? Men vi veit jo det, at dette skjer. Kvar dag, over heile verda, er det foreldre som sviktar barna sine. Og så er det skamma som er forbunde med det å ikkje få kontakt med sine eigne barn, i å ikkje nå inn til dei. Og skam over å bli forlaten, og over å vere den som også forlet nokon – det er også noko mannen seier i det første møtet med den nye kjærasten sin; han vil ikkje vere ein som går frå familien sin.

Draum om hausten er eit stykke med mykje undertekst. Handlinga blir driven framover like mykje av det usagde som av det blir sagt, og replikkar blir hengande i lufta lenge.

– Ambisjonen min er å gjere teksten tilgjengelig for publikum, prøve å ikkje styre han i ei bestemt retning, men heller opne han for fortolking hos dei som ser stykket og for bilda som oppstår hos dei, seier Wiggen.

– Samtidig ønskjer vi å lage noko ... ja, fengande, kan du seie. Det er kanskje eit rart omgrep i denne samanhengen, for det er slikt ein seier om popmusikk, men eg opplever rytmen, klangen og strukturen i språket til Fosse som veldig fengande. Ei anna utfordring er at tida i stykket ikkje følgjer nokon logisk kronologisk orden, tida er flytande på ein måte, som i ein draum. I den eine augneblinken er ein ung, i den neste middelaldrande, og så er ein brått ung igjen, saman med ein ungdomskjæraste, og i draumen kjennest det naturleg.

– *Er du redd for kva Jon Fosse vil meine om oppsetjinga di?*

– No trur eg ikkje han ser så mange av sine eigne stykke lenger, han vil heller sitje og skrive. Men han gjorde det meir før, og då eg laga sceneversjon av Stengd gitar i 2002, hadde eg plukka teksten frå kvarandre og sett han saman igjen, med løyve frå forfattaren, men utan å konferere med han undervegs. Eg var grueleg nervøs for kva han ville synast om det eg hadde gjort med teksten hans. Han kom på generalprøva, og sat i salen etter at publikum hadde gått, og eg hugsar at eg gjekk skjelvande bort til han. «Faen, eg skriv godt», sa han.



LØVE RESTAURANT & BAR

Ein uformell møtestad i hjartet
av foajeen på teateret

Frå lunsj til sein kveld finn du ein omfangsrik meny med kontinentale smørbrød, fransk brasseri og botnsolid á la carte. Til barn er det halv porsjon til halv pris. Du kan òg bestille drikke til pausen i framsyningane. For grupper kan teateret by på eigne lokale om de vil sitje uforstyrta.



BORDBESTILLING OG PAUSEDRIKKE
POST@KAPELOVE.NO
ELLER RING 22 47 39 70



GRUPPER OG ARRANGEMENT
KIRSTI.ERVIK@DETNORSKETEATRET.NO
ELLER RING 22 47 38 20

Ei motgift mot døden

I *Draum om hausten* behandlar Jon Fosse familiære tema som forholdet mellom foreldre og barn, utruskap og lengt etter kjærleik. Dette er tema psykolog og samlivsterapeut Sissel Gran har lang erfaring med. Her er hennar refleksjonar etter å ha lese stykket.

TEKST SISSEL GRAN FOTO FREDRIK ARFF TIL NYNORSK VED UNN CATODOTTER FYLLINGSNES

Tida kan ikkje berre gå
Åra kan ikkje berre gå
Det er den unge kvinna i stykket som seier dette. Det er haust. Det er svart. Det er vått etter regn. Vi er på kyrkjegarden.

Jon Fosses drama er ein draum der tida og menneska glir over i kvarandre og der det forgjengelege ved livet spelar hovudrolla. Heilt tilfeldig støyter den unge kvinna på kjærasten frå ungdommen mellom gravene, og den gamle kjærleiken deira blir vekt til live. Han verkar ulukkeleg, men han vegrar seg mot å gi seg hen til henne. Han har kone og barn og vil ikkje vere utru. Men vi skal jo dø, seier ho. Underforstått – *vil du verkeleg gi frå deg høvet til å oppleve ny kjærleik i dette korte jordiske livet?*

Vi kjenner igjen det som driv karakterane i Fosses drama: Lengten til den unge mannen bort frå eit forpliktande samliv som starta så altfor tidleg, med vakse foreldreansvar frå ungdommen av. Det er mange som han, som spør seg: *Er dette alt? Er det slik livet mitt skal vere? Skal eg aldri få oppleve brusande kjærleik igjen?* Det er frykta for døden som slår inn, angsten for langsamt å bli utradert, bleikne og svinne bort. Denne kjensla av å bli gjort til inkjes – sjølv om partnaren slett ikkje er nokon terminator – kan utløyse eit panikkarta sagn i mange, men saknet dei kjenner handlar ikkje alltid om å finne ny kjærleik i ein annan, det handlar like mykje om å finne seg sjølv att.

Vi kjenner igjen einsemdskjensla til den unge kvinna:
*Eg er åleine
heilt åleine*

Vi kjenner igjen frykta for aldri å finne ei hamn, å måtte leve åleine og uelska. Isolasjon er terror, imot naturen, for vi treng eit feste, eit livsvitne, eit menneske som set oss først. Den unge mannen går frå familien sin, og vi kjenner att skuldkjensla hans. Han let att døra til det han forlèt, også sin eigen son. Kvifor? Korleis kan eit menneske gjere noko slikt? Vi kan ikkje fatte det, men det skjer. Menneske deserterer, flyktar frå dei dei ein

gong elska, men ein ofrar mykje når ein følger lengten i hjartet, og den unge mannen har mistru til kjærleiken:

*Den tar ikkje omsyn
den
ja*

*Eg veit ikkje om eg liker kjærleik
Eg trur eg er imot kjærleik
Kjærleik
som får fedre til å forlate barna sine
er eg imot*

Mistrua er langt frå utan grunn. Den som forlèt ofrar tryggleiken til barna, partnaren sitt ankerfeste, familiefelleskapet, hus og heim, og ein bryt løfte, skuffar foreldra sine, svigerforeldre, venner – men alt dette er prisen for fridommen. For å tole å skuffe så mange, er det ikkje uvanleg å ståsetje seg, og difor verkar mange utbrytarar forherda og uforsonlege. Slik vernar dei seg mot å kjenne si eiga smerte og smerta til dei forlatne, og slik vernar dei om det nye livet og den nye partnaren sin. Straffa for mange er likevel opplevinga av eit slags tilvere i limbo, av aldri å kunne vere heilt til stades korkje i det nye eller det gamle livet, av aldri å strekkje til, av alltid å pinast med eit murrande, dårleg samvit.

Ein ubehageleg, nervøst vibrerande og hjelpelaus morskarakter i *Draum om hausten* representerer den klandrande røysta som mange sonar og døtrer flyktar frå. Det er den intense lengten hennar som er underteksten, men skuldkjensla som den alltid utløyser skugar vekk den ho saknar:

*Du har jo ikkje vore og besøkt oss
på fleire år
du*

*Den nye kona di
har vi jo aldri fått treffe
De har jo aldri besøkt oss
meiner eg
Den tidligare svigerdotter vår er langt oftare
og besøker oss
enn vår eigen son*

Ein får ikkje lyst til å presentere den nye partnaren sin for ein dommar, ein som alltid vil samanlikne den nye partnaren med

døden og den gamle med livet. Da unngår ein mor så godt ein kan. Men kva med far, den eldre mannen i stykket, kva rolle har han? I *Draum om hausten* er farskarakteren ein som oppgitt strever med å glatte over, som gjer alt han kan for å normalisere og avdramatisere. I forsøket på å verne om mor, blir han ein sjølvutslettande figur, ein mann sonen ikkje relaterer seg til.

Vi lever alle på lånt tid, ikkje noko varar evig, og denne erkjenninga er bakteppet for alle ting. Menneske som lever i ulukkelege eller keisame parforhold seier ofte: *Eg føler at ein del av meg er dod. Eg er blitt eit menneske eg ikkje lenger kjenner att.* Ny kjærleik kan slå denne skremmande aninga av død og framandkjensle attende og fungere som ei motgift, og gammal kjærleik kan gjere same nytta. Det ligg mykje kraft i ein ungdomsromanse, og difor átvarar eg spøkefullt den som er nede i ein av dei normale, emosjonelle bølgedaler i ekteskapet mot å oppsøkje gammal attrå. Dersom ein ønskjer å skjerme parforholdet sitt mot store prøver, bør ein binde seg til masta og ikkje dra på skolejubileumsfesten der ein risikerer at den nyleg skilde kjærasten frå vidaregåande byr på farleg stadfesting og drahjelp ut.

Det er vanskeleg å følgje slike råd, for livet halar og drar i oss og mismot og einsemdskjensle får mange til å stunde valdsamt etter redning. Sorg og skamkjensle over å kjenne på at ein ikkje tyder noko kan få eit menneske til å lengte desperat etter å bli sett og verdsett, etter å kjenne at nokon har lyst på ein og å kjenne ei draging mot nokon, etter å få oppleve eitt liv til før det er for seint. Det er dette som er så umogleg å tole for dei som blir forlatne. Barn har ingen føresetnad for å forstå denne livsattra hos ein forelder, og ein partnar som blir vraka, ser berre det nådelause, nokre gonger det patetiske, i handlinga til utbrytarren. Fosse tilbyr inga løysing på dette motsetningsfylte i menneskelege relasjonar, det måtte i så fall vere døden. I livet utanfor scenen finst det heldigvis andre utfall; forsoning, eit nytt liv for både den forlatne og den som forlèt, barn som lever godt i to familiar. Det er ikkje heilsvart. Alt er ikkje ein kyrkjegard.



AKTUELL

GARD SKAGESTAD

SKODESPELAR

Aktuell som Mannen i Draum om hausten.

Det er inga klassisk midtlivskrise Jon Fosse har portrettert. Mannen i Fosses *Draum om hausten* bryt opp frå familien og finn saman med henne han smugkikka på i ungdomen. Sjølv om alt dette lyder kjent, er eg likevel sikker på at han ikkje er nokon vanleg og gjennomsnittleg mann midt i livet som berre stikk av frå det han har. Han er kanskje konfliktsky. I alle fall ein grublar som går vekk når ting blir for vanskelege. Og kjenner at han ikkje innfrir forventningane frå dei rundt seg. Og det er nok dei rundt han einige i... Så har han òg ei mor som snakkar ustanseleg, og ein far som er taus. Dei fell inn i vante mønster når dei er saman. Karakterane er lette å kjenne igjen, dialogen er enkel og ganske direkte, sjølv om mykje blir sagt mellom linjene.

Klart det er høge forventningar til parforholdet og familielivet. Både frå samfunnet, partnaren og ein sjølv. Eg har ikkje noko problem med å sjå likskap mellom denne karakteren og den moderne mannen. Men om det nødvendigvis det blir sett for høge forventningar til Mannen, veit eg ikkje. Dei rundt han har nok heilt rett i at han ikkje har vore så til stades. Eg trur han har levd heile livet med kjensla av at han ikkje strekk til. Og han har eit tydeleg tungsinn i seg. Så går han også ofte på kyrkjegarden. Det er her dei treffest, i kjærleik og sorg. Kanskje har vi godt av å sondere litt i det terrenget Fosse skildrar, i ei tid da vi er så sjølvopptatte og har mykje overskot til å kjenne litt for godt etter. Om vi er lykkelege, om vi toler maten, om vi får realisert oss sjølve. Og så gløymmer vi kanskje dei lange linjene.

Eg likar godt at tidslinja er broten. Det er nesten som om ein ikkje merkar tidsspranga, men likevel er dei utruleg distinkte. Og for meg gir det kjensla av at vi er fortida og notida, heile tida. Tida som går. Livet som går. Livet som er så kort og langt. Eg trur Mannen kjenner mykje på kjensla av det å vere forgjengeleg. Men det er akkurat som om tungsinnnet i han ikkje kjem av ei redsle for døden, meir ei frykt for livet - at det er livet som er tungt og som han ikkje meistrar.

DRAUM OM HAUSTEN

AV Jon Fosse

PREMIERE 15. oktober på Hovudscenen

REGISSØR Trine Wiggen

MED Gard Skagestad, Iren Reppen, Hildegun Riise, Bernhard Ramstad, Nina Woxholt, Sara Khorami, Audun Sandem

Vakkert, sårt og tidlaust om kjærleik og familieband som ryk.



PÅ HOVUDSCENEN

– og i frysevogna

- 45 000 såg *Draum om hausten* i Paris, så stykket bør vera interessant sjølv for bokmålsbrukarar, seier Jon Fosse.

TEKST CECILIE SEINESS FOTO SIREN HØYLAND SÆTER

Fosse er innom Oslo i si stadige pendling mellom Hainburg i Austerrike, Frekhaug utanfor Bergen, hytta på Dingja i Sogn og Grotten. Nomaden fartar mellom hus og til og frå barn. Eit vondt kne har tvinga han til å halda seg i ro ei tid, men no er han innom Oslo, på veg mot vest. I haust blir det mykje Fosse på Det Norske Teatret, men først, før han seier noko meir om alt saman, så korleis går det egentleg med Fossen? Det har skjedd så mykje med han dei seinare åra. Han har slutta å skriva dramatik, sjangeren han internasjonalt har lukkast aller best med, han har bytta ut ol og whisky med vatn og kaffi, han har konvertert til katolisismen og fått Kongen som nabo.

- Eg trur mange lurar på om det går bra med deg?

- Nei, det har det aldri gjort, seier Fosse. Han humrar og ristar inne i dei svarte sommarkleda.

- Men eg har ei forunderleg evne til å lykkast likevel. Eg har manovrert som best eg kunne. Eller eg har kanskje blitt styrt av eit eller anna. Eg finn meg godt til rette i den katolske samanhengen og har lært utruleg mykje av å lesa meg inn i katolsk tru og tenking.

- Og vestlendingen overlever sjøle dei periodane han bur i Grotten?

- Det går bra, forunderleg nok. Hadde eg berre hatt Grotten, nei det hadde eg ikkje orka. Eg er glad eg sa ja, det er eit godt hus, huset gir vern.

- Du bur også i Austerrike, ikkje langt frå Wien. Du har blitt kontinental?

- Eg har alltid vore det! Tysk filosofi og litteratur har alltid interessert meg, ikkje engelsk og amerikansk. Det er på kontinentet stykka mine har blitt spelt mest. Nynorsken er knytt til det lokale og det europeiske, meir enn til det nasjonale.

INGEN SMÅKONGE

Dei siste åra har Fosse vore ein heit kandidat til Nobelprisen i litteratur. Det har vore lite å tena på å setja pengane sine på Fosse og på dagen for utdelinga har Fosse hatt europeiske journalistar trippande utføre dora. Nobelmaset har vorte del av hausten. Fosse tek det med knusande ro.

- Eg debuterte som 23-åring. Frå den gong har eg vore eit offentleg menneske. Det berre er slik. Min måte å takla det er å unngå det offentlege livet. Eg tenkjer at det hadde vore verre om eg likte å sola med i det og sat som ein småkonge i Grotten. Då hadde eg vore ein utoleleg figur! Om nokon skal bu i Grotten må det vera ein som eg, ein sky kunstnar, seier Fosse og kan ikkje anna enn å le.

- Og så har du slutta å drikka. Er det ikkje vanskeleg å halda seg borte frå alkoholen?

- Eg hadde drukke mitt! Når eg var ferdig med suget, så hadde eg ikkje lyst på alkohol meir. Slutt er slutt. That's it. Det gjer meg ikkje noko at andre drikk og heller ikkje at dei røykjer. Tvert imot. Eg elskar lukta av røyk. Eg hadde lenge kontroll på drikkinga, men så slepte eg kontrollen. Eg forstår det ikkje.

- Du kom til eit vendepunkt?

- Om eg ikkje hadde sleppt kontrollen heilt, så hadde eg nok drukke som før, ja. Det var kanskje min måte å bli ferdig med alkoholen.

Fossen klarar seg. Og Fossen er takksam for at Det Norske Teatret spelar *Draum om hausten* på Hovudscenen.

- Men eg er ikkje sikker på om produksjonen vil dra inn nok folk til at det er møda verd.

- Du blir spelt over heile verda, men kjennest det særleg godt å bli spelt i nynorskteatret?

- Eg har blitt meir og meir nynorsking med åra. Det er alvor! At Det Norske klarar å vera det teateret her i landet som har mest besøk trass i den allmenne motviljen mot nynorsk, det er rett og slett imponerende.

HELST SPØKELSE

På Det Norske Teatret er det Fosse-flaum: Den verdskjende regissøren Robert Wilson set opp Edda i Fosses versjon, romanen Det er Ales skal spelast på nyåret, det blir opplesingar av Fosse-tekstar og ikkje minst, *Draum om hausten*. Det stykket fyller snart 17 år. 8. september 1999 hadde *Draum om hausten* urpremiere på Nationaltheatret. Fosse var den gong nesten 40, han stod like framføre det store internasjonale gjennombrøtet som dramatikar og skreiv som galen, dramatikken fløynde og fløynde. I tida etter har stykket farta land og strand rundt. Blant anna til St. Petersburg, Seoul, Warszawa, Krakow, Moskva, Berlin, Tel Aviv, Paris. I Paris vart stykket sett opp av den no avdøde teaterlegenda Patrice Chéreau i Louvre-museet. Fosse gjekk forbi Mona Lisa på veg for å sjå sitt eige stykke. Etter nesten 17 år på tur er stykket heime igjen og har fått sjølve Hovudscenen på Det Norske Teatret. *Draum om hausten* er eit av dei mest spelte Fosse-stykka, men også eit av dei han sjølv synest er av dei beste.

- Oppsetjinga den belgiske regissøren Luc Perceval gjorde av *Draum om hausten* i München er ei av dei beste oppsetjingane eg har sett av dette stykket og av stykka mine i det heile teke. Men eg hugsar også dette stykket frå Dramaten i Stockholm. Det var ein flopp. Det var så symboltungt at det deiste i scenegolv. Stykket er lett å lesa og lika, men vanskeleg å setja opp. Nokre av stykka mine er det vanskeleg å øydeleggja, slik som *Natta syng sine songar*. Då skal ein arbeida hardt for å øydeleggja det. Annleis med *Draum om hausten*.

- Kva er det som gjer det stykket så vanskeleg å setja opp?

- I scenetilvisingane står det at personane er på ein kyrkjegard. Men det er gjerne slik at di meir kyrkjegard det er i oppsetjinga, di dårlegare blir stykket. Det må abstraherast. Og personane må vera meir spøkelse enn reelle menneske. Om det blir for tungt realistisk, så lettast det ikkje, men ja, vert liggjande daudt på scenegolv.

KJÆRLEIK OG DØD

Draum om hausten er ei kjærleikshistorie, eit familiedrama med

Draum om hausten er eit av dei mest spelte Fosse-stykka, men også eit av dei han sjølv synest er av dei beste

namnlause personar. Alt går føre seg på ein kyrkjegard, på ein benk og mellom nokre gravstøtter. Det særprega for *Draum om hausten* er dei umerkelege tidshoppa. Kronologien er oppløyst og det eine går over i det andre. Då, no og framtid – alt er like nærverande.

– Folk deler seg i to når det gjeld meg. Anten får dei det med seg, eller så gjer dei ikkje. Nokon likar, ja til og med elsker det eg skriv, andre mislikar og i somme tilfelle hatar det.

– Men me kan jo prøva å hjelpa folk på veg med *Draum om hausten*.

– Det er ikkje så vanskeleg. Ein må gå med på det enkle, nemleg at det som skjer i stykket ikkje skjer kronologisk. Alt legg seg oppå kvarandre, eller det er som eit bilete ein måler, ein legg på litt her og litt der og til saman blir det ein heilskap om oppsetjinga lykkast.

– Og det er som alltid dei store emna, det er kjærleik og død?

– Eg diktar alltid om det same. Som diktar er det ikkje spørsmål om kva eg diktar om, men korleis eg gjer det. Forma er avgjerande. Eg brukar språket som ein målar brukar fargar eller ein komponist brukar tonar. Eg brukar språk for å skapa kunst.

– Men stykket har jo ulike tematikkar og somme vil nok seia at stykket handlar om samlivsbrøt?

– Ja, det òg. Det handlar om kjærleik og død. Kjærleiken kjem og går. Det er ikkje noko nytt med det. Slik! Men kvart stykke må ha ei innsikt. Stykket må vita noko, ha sin visdom og sin løyndom. Men om eg i enkelte ord kunne seia kva det var, ja så var det ikkje nokon vits i å skriva stykket. Stykket seier det, slik det seiast kan.

– Du vil at publikum skal gå ut frå teatersalen med ei ny innsikt?

– Diktinga er god når ein tenkjer: «sjølv sagt, men det har eg aldri tenkt på før!». Eller ein tenkjer: «ja, sånn kan det også vera.» At litteratur og teater gir slik innsikt, det opplever ein dessverre sjeldnare jo eldre ein blir.

Fosse har skriva det slik i programmet frå den gong i 1999: «Det er tidas gang, og minnets handtering av tida, som dette stykket på sett og vis dreier seg om. Slike ord blir alltid veldig store, men om det verkar slik i stykket, har eg mislykkast:

eg etterstrevar der ei slags umerkeleg skifting mellom realistiske scener i ei realistisk tid og ei slags glidande simultan tid, der ulike hendingar glir saman, slik dei kan gjere det i minnet. Slik sett kan stykket kanskje seiast å ha som sin metafor den 'livsoppsummering' folk som har hatt nær-doden-opplevingar, har fortalt om.

– Ja, det er ein måte å forklara stykket på, seier Jon Fosse 17 år etter han formulerte seg slik. Elles meiner han at nynorsken i teksten hans frå den gong var altfor bokmålsnær.

EIT SVARE STREV

Då Jon Fosse heldt på med romanen *Melancholia* tidleg på 90-talet var han inderleg lei av å skriva prosa. Han orka ikkje meir. Då dukka dramatikken opp som ei guds gåve. Men etter nær 30 skodespel og tjue år var det nok. Fosse la opp som dramatikar trass i enorm suksess.

– Eg bevega meg, skreiv meg, bort frå dramatikken. Eg kom til endes. Det siste stykket eg skreiv, *Desse auga*, var eit forferdeleg slit å skriva. Det må vera ei tvang i diktinga, det må vera noko ein må, men når ein kjenner motvilje, då er det slutt. Det hadde vore mykje av alt, eg var sliten og trong pause frå diktinga.

Den egentlege overgangen frå dramatikk tilbake til prosa kom då Fosse skreiv *Eg er vinden*. Det er det nest siste stykket han skreiv og også eit han meiner er av dei beste. Fosse veit ikkje heilt kva som skjedde, men han gjekk rett over til å skriva forteljinga *Andvake*.

– Eg slutta ein dag med *Eg er vinden* og starta på *Andvake* neste dag.

I tida etter dramatikken arbeidde Fosse med omsetjingar og versjonar.

Fosse arbeidde blant anna med ein versjon av *Edda* som no den verdskjende regissøren Robert Wilson skal setja opp på Det Norske. Fosse lærte noko norrønt og tok utgangspunkt i *Den eldre Edda*.

– Eg ville ikkje bruka *Edda* som eit materiale for eit fiktivt norrønt univers. Eg ville vera tett på. Teksten min er så tett på kvada som mogleg, eg har flytta om, stroke og skriva til overgangar. Eg måtte gjera om slik at det kunne fungera som scenespråk. Eg ville ha mest mogleg med, så min versjon er lang. For scena må det kortast. Min versjon er nyttig, trur eg, fordi eg gjer tilgjengeleg eit stoff som ofte kan vera vanskeleg å skjøna.

– *Edda* og Robert Wilson – det er litt av eit par?

– Ja. Merkelege konstallasjonar har eg tru på! Ja, heldigvis er det Wilson som skal setja det opp. Han har eit teaterspråk. Han kan også ein ting her i livet. Eg gler meg til oppsetjinga hans. Men om ein vil vita noko om norrøne gudar så er det nok betre å gå til teksten.

Fosse forlot dramatikken, men gjekk tilbake til romanane, forteljingane, prosaen. Og om nokon skulle tru at Fossen hadde skriva seg ferdig, så må dei tru om att. I fjor sommar hadde Fosse bestemt seg. Han skulle skriva prosa. Langsam prosa. Familien var invitert til eit slott i Frankrike eigd av etterkomarane til den franske forfattaren Paul Claudel. Den franske sommaren var glødande varm, men i skuggen sat Fossen og skreiv og skreiv. Det fløynde og fløynde.

– Då hadde eg hatt pause i fleire år. No har eg raskrive sju bøker eller 1500 sider. Det er sju delar det er ein samheng mellom. Eg hadde ikkje planlagd det slik. Det berre dikta seg sjølv.

I FRYSEVOGNA

I haust skal også farsen *Draum om våren* spelast på teatret. Representantar for norsk nærings- og kulturliv har fått med seg Jon Fosse på ei hemmeleg reise til Beijing, der dei skal sette opp *Draum om hausten* i eit forsøk på å blidgjere kinesarane. Representantane blir redde for at den ukronologiske hendingsgangen i stykket skal provosere kinesarane, og ber Fosse om å endre på den. Fosse nektar, og blir etter kvart stengd inne i frysevogna, saman med laksen, for å «tenke seg om».

– Fosse i frysevogna? Kva tenkjer du om det?

– Puff, det gjer meg ingenting. Eg har då avstand til meg sjølv, ja mykje sjølvironi. Om det blir bra så er det heilt i orden. Eg høyrde òg at det på Nationaltheatret skal setjast opp eit stykke som heiter *Noen kommer til å komme (Ah! Ah! Ah! Ah!)*, seier Fosse og flirer.

– Elles har du jo slett ikkje noko dårleg forhold til kinesarane?

– Nei, det største forlaget for utanlandsk litteratur i Kina har gitt ut fleire band med mine tekstar og dei skal gje ut fleire. Eg har også blitt spelt mykje både i Kina og Japan.

– Kinesarane slit ikkje med mangelen på kronologi?

– Nei, tvert imot. Dei skjønar meg som berre pokker!





Tidleg work shop på *Fridomens vegar*. Regissør Tore Vagn Lid og scenograf Kyrre Bjørkås i samtale med quiz-vertane Ane Dahl Torp og Marie Blokhus.

MED QUIZEN SOM TEATER & TEATERET SOM QUIZ

Tore Vagn Lid er kjend for musikalske og samfunnsaktuelle teaterframsyningar som engasjerer, provoserer og gir publikum nye perspektiv. Her skriv han om sitt nye prosjekt, *Fridomens vegar*, som han skal orkestrere på Scene 2 i haust.

TEKST TORE VAGN LID FOTO SIREN HØYLAND SÆTER

g har lenge undra meg over at samtidas trussetning om den individuelle fridomen ser ut til å gå hand i hand med eit aukande behov for testing og kontroll. Alle vil vi liksom teste alle, og det i nær sagt alt: Leiinga i barnehagen testar barna og blir sjølv testa av kommunale byråkratar, som igjen må kvalitetssikrast av andre over dei. Og slik held det fram: *Slik testar sjefen*

deg!, Test barnet ditt!, Slik testar du kjæras-ten din!, Test deg sjølv!

Fridomens speleflate er eit spegelkabinett, der den eine testen speglar seg i den andre. Rektoren testar læraren sin evne og vilje til å teste eleven i nasjonale og internasjonale testar, som så igjen skal gjere det mogleg å skilje vinnarar frå taparar; barn mot barn, leiar mot leiar, medarbeidar mot medarbeidar, skule mot skule, kommune mot

kommune, land mot land og kontinent mot kontinent. Europa sakkar akterut. Varsko her! Asia kjem! – Og eg, som ei ung jente frå Sandefjord skriv etter å ha testa seg sjølv mot ein vegg av nasjonale og overnasjonale prøver, – *eg er underforventa.*

Fridomens vegar synest brulagde med testar, ja vel. Men kvifor eigentleg? Kvar kjem denne testetrongen frå? Er testane der for



FRIDOMENS VEGAR

AV Tore Vagn Lid

URPREMIERE 8. oktober på Scene 2

REGISSØR Tore Vagn Lid

MED Ane Dahl Torp, Marie Blokhus, Jan Grønli, Joachim Rafaelsen

Er fridomens vegar verkeleg så frie?



vår skuld, for at vi skal kunne få det betre – forbetre oss – eller har dei kanskje byrja å leve sitt eige mystiske liv, uavhengig av oss? Er det framleis menneska som skapar testen, eller er det testen som gradvis og eigenrådig har byrja skape menneska? Og kanskje viktigast av alt: Kven er det eigentleg som sikrar kvaliteten til denne «Store Andre», denne nærast overjordiske sikraren eller testaren?

Godt teater skal stille spørsmåla, ikkje svare. Slik lyder ei litt sliten og lett falma sanning, årvisst resirkulert i norske teaterprogram. Men kvifor det eigentleg? Kvifor resignere allereie for startstreken? Kvifor ikkje i det minste ha svaret som ambisjon? I *Fridomens vegar* skal det ikkje berre bli stilt slike spørsmål, men vi skal òg gjere forsøk på å svare. Difor sender eg to utgåande reporterar – to barn – på ein ekspedisjon for faktisk å

finne denne, kall det gjerne *sjuande testaren i Pisa-tårnet*. Kva vegar dei slår inn på, om dei må gå framover eller bakover i tid, om dei evnar å løyse oppgåva og komme velberga tilbake, står det sjølvsagt att å sjå. Her er oddsen uvis. Uvisst er det òg kva opphavet til desse barna er. Kven er dei, eigentleg? Er dei *det stoffet draumar er laga av* som Shakespeare kunne ha sagt?

No har vi fått nye hjelpemiddel: Enkle





Tore Vagn Lid, med gitar, vil teste ut quiz som form i scenerommet. Det skal vere ope, inviterande og gøy. Det viktigaste er å vinne!

gentestar som kan kjøpast for nokre skarve hundrelappar på norske apotek, lovar oss sannsynlege svar på kva barna våre i framtida bør satse på. Eller betre, kva vi som opplyste og ansvarsmedvitne foreldre *bør* satse på for våre arvingar. Med andre ord gir desse testane lovnad om innsyn i det draumestoffet vi er koda med. Det er då i det minste ein start, ikkje sant? Og kanskje er vegen herifrå kort, til jobbintervjuarens kartlegging av korleis du kjem til å utføre arbeidet ditt i morgon, eller til forsikringsselskapet si jakt på familiens sjukerapportar og potensielt arvelege disposisjonar er ikkje lang. Og for desse for-sikrande selskapa handlar det forståeleg nok ikkje først og fremst om å forandre, men om å kalkulere risiko gjennom å vite noko

om det som enno ikkje har skjedd.

Spørsmålet er berre: Kva med oss? Vil vi dette? Og *om* vi vil vite, *kor mykje* vil vi då vite? Og kven andre skal i så fall få vite det vi veit, om dei som kanskje enno ikkje er fødte? Og *vil* barnet eigentleg vite det sjølv? Vil det vite kva for draumestoff det er laga av, og kva det i så fall *ikkje* er utstyrt med? Er det mogleg å sjå for seg at ho som alt frå starten av blir opplyst om at ho ikkje kan, lever opp til sin eigen prognose, si eiga forventning? Og kven har eigentleg interesse av det? Her er det mykje som er uvisst. Det som likevel er sikkert, er at med ny vitskap vil alltid nye utfordringar, nye konflikter, nye drama trenge seg på. Så langs desse fridomens vegar,

går det eigentleg ei grense for kor opplyste vi ønskjer å bli?

Om foreldra mine visste om sine eigne arvelege diagnosar, kan eg da – for å sitere spørsmål frå ein nettstad for juridisk rådgjeving – saksøke dei for å ha sett meg til verda? Ja, her ligg det spørsmål til ein heil quiz, du! Og er det noko denne teaterkvelden kan love, så er det nettopp dette; quizen som teater og teateret som quiz! Eit teater med låge skuldrer der publikum er på lag med kvarandre – og mot kvarandre. Der vi saman med eit vertskap av skodespelarar og musikarar går inn for å løyse samfunnsoppgåver, om mogleg, ein gong for alle. Og heilt sikkert er det at til slutt vil det vanke premiar til dei beste.

AKTUELL

ANE DAHL TORP

SKODESPELAR

Aktuell som quizvert i Fridomens vegar.

Eg trur Tore Vagn Lid har plukka seg ein slitsam gjeng med skodespelarar til *Fridomens vegar*, hehe. Vi er alle slike som blandar oss og kjem med mange forslag. I dette prosjektet skal regissør Tore Vagn Lid teste ut quiz-en som form i scenerommet. Noko av tanken bak er at forma skal opne for refleksjonar rundt den stadige testinga vi menneske blir utsette for.

Eg er sjølv blant dei som kan bli litt stressa av spel som TP, redd for å ikkje vite noko eg burde ha visst om for eksempel korsfarartida eller Marshall-hjelpe. Men publikum skal sleppe å vere redde for slikt, og dei treng heller ikkje vere redde for at vi skal drive påtrengande teater – trur eg?

Tore Vagn Lid arbeider utradisjonelt med dette og har gjerne ein klar tanke som han vil utforske i prosjekta sine. Den siste produksjonen hans, *Vår ære/Vår makt* vart eg heilt sjuk etter å sjå. Etter *Solaris korrigert* er det ekstra gøy å bli med på prosessar for å skape teater som er annleis og uortodokse. Tore seier at han opplever at det er så mange drama der ute i dag som ikkje har nokon eksisterande dramatikkk som snakkar om det. Så difor må ein lage det sjølv. Det synest eg er spennande å få vere vitne til.

Eg har vore nysgjerrig på arbeida hans lenge og likte *Kill them all* på Nationaltheatret veldig godt. Det stykket var spesielt på den måten at eg opplevde det som ikkje-emosjonelt i uttrykket og skodespelararbeidet. Og det handla om noko så Dagsnytt 18-aktig som finanskrisa. Likevel var det noko, ved heile det universet dei skapte, som gjorde det til ei veldig emosjonell teateroppleving. Eg synest det var fantastisk at det gikk an å lage teater frå nyheitsbiletet og verda i dag på ein slik måte. Han er ein smart ass og ein politisk regissør. Han er opptatt av musikk og musikkens plass i ei framsyning og han kan musikk. Ein prosess som dette er tidkrevjande og treng mykje prøving. Eg merkar at han har gjort eit stort forarbeid og har eit tydeleg konsept under utvikling.



FESTNING EUROPA

AV Kristian Lykkeslet Strømskag

URPREMIERE 31. august på Scene 3

REGISSØR Uwe Cramer

MED Lasse Kolstad, Morten Svartveit, Kaia Vargjord, Frode Winther, Amell Basic, Grethe Ryen, Valborg Frøysnes, Kjærsti Odden Skjeldal

Nokon dreg på flukt – andre dreg på ferie.

MUREN OMKRING OSS OG INNE I OSS

For snart fem år sidan reiste eg og familien til ei ferieøy i Middelhavet. Vi skulle ha nokre veker i sola. Vi var mellom to intense arbeidsperiodar, og kjente at vi fortente ein pust i bakken. Ein gut plaskande i Middelhavet og mor og far i kvar si solseng, var tanken. Vi ville ha eit avbrekk frå kvardagen. Så vi tinga billett. Vi reiste.

TEKST KRISTIAN LYKKESLET STRØMSKAG **FOTO** ROBIN HEMINGSSON



Bildet er frå ein mobilvideo tatt opp av turisten Robin Hemmingsson som var på ferie på den greske øya Kos da denne båten glei i land. - Det verste var å sjå barna. Det var så mange av dei, sa han til Dagbladet, som skreiv om saken i juli i fjor.

Da vi hadde vore på øya i eit par dagar, las eg ein notis i lokal-avisa på staden. Ein båt med flyktningar frå Nord-Afrika var komen til øya same natta. Eg ville finne ut meir. Kva var dette? Kom det fleire flyktningar i land her? Brått tok merksemda mi ein annan veg. Kanskje var det badevatn, kanskje var det tid for lunsj, kanskje var det sandslottet vi bygde. Eg hugsar ikkje kva det var.

Seinare kom tanken tilbake. Den ville ikkje sleppe. Det provoserte meg å sjå at alle turistane kunne halde ferien fram heilt upåverka. Det provoserte meg at eg kunne halde ferien fram heilt upåverka. Korleis kunne eg tillate meg å kose meg her, medan dei kjempa for livet der? Eigde eg ikkje skam? Korleis kunne eg fortrenge røynda. Korleis kunne eg lukke auga for noko som var rett framfor meg. Kva for mekanisme var det som gjorde at eg kunne bade i dei same bølgene der folk døydde? Her var eg på ferie på den same stranda der flyktningane blei skylde i land frå dødsseglasen sin.

HØGARE MURAR

Eg tenkte at dette må eg skrive om. Eit mogleg møte mellom meg og båtflyktningen byrja tre fram. Det vart etter kvart til to parallelle reiser mot den same ferieøya. Eg ville sette lagnaden til ein båtflyktning

og ein norsk familie saman. På øya møtest dei to historiene i ein dramatisk augneblink der barnet i familien glir utover i vatnet og båtflyktningen glir innover mot land.

Stykket fekk seinare tittelen *Festning Europa*, og idet opna det seg eit større rom; stykket måtte ta inn i seg den storpolitiske røynda. Ei festning si oppgåve er å stenge noko inne og halde noko anna ute. I stykket vart festninga både ein metafor gjennom det vesle sandslottet som guten bygger på stranda, men òg på yttergrensene til Europa. Den store metaforen er no verkeleg; Europa er i ferd med å bli ei festning med høge murar. Fiksjonen er røynda. Verda utanfor Europa er i krise. Europa er i krise. Millionar av menneske flyktar frå krig, overgrep og svolt. Vindauget til Europa er opna slik at flyktningane kan sjå inn. Men dørene vert gradvis stengde og murane vert større, tjukkare og høgare. Det kan vere lett å gøyme seg bak tanken om at Norge ligg i utkanten, men vi er til stades både med båtar i Middelhavet og som ferieturistar. Vi bygger alle våre eigne murar.

KREVJANDE

Situasjonen krev noko av oss som enkeltmenneske og som nasjon. Utfordringa er at det går å ta situasjonen inn over seg på eit nivå, men så glir det fort vekk. Det er ingen grunn til å moralisere over det. Vi kan føle at

det er vanskeleg både som enkeltmenneske og som samfunn å takle det, dessutan å vite kva vi kan gjere. Men eg trur ikkje det er umogleg. Alle kan vi finne nokre små bidrag: éin reiser ned og tar imot flyktningane, ein annan stiller opp som frivillig på eit lokalt mottak, ein tredje ryddar boden for gamle klede, ein fjerde sender pengar til ein organisasjon.

TEATERETS ROLLE

Teaterforma gir eit høve til å seie noko som elles ikkje ville bli sagt. Teatret kan gje oss nokre tankar som vi ikkje får andre stader. *Festning Europa* er eit forsøk på å bruke teatret til å fortelle andre historier, eller fortelle historiene på ein annan måte. Teatret skal vere til stades i samtida. Teatret skal vere viktig for tida vi lever i. For meg finst det ikkje noko viktigare å skrive om nett no. Slik vart provokasjonen eg kjende den gongen eg bada i bølgene som for andre var skilnaden mellom liv og død, til ei teatertekst. Om ikkje anna er det eit forsøk på å sette to historier opp mot kvarandre. Eg har ønskt at ferieøya skal fungere som eit bilde som rekk lengre ut enn den konkrete tydinga. Øya, bølgene og muren kan vere til stades òg her heime. Kanskje kan tilskodaren og skodespelaren saman omsette tankane, refleksjonane og empatien til noko meir? Til kva? Til erkjenning. Til handling.

PÅFUGLEN – EIN URETTFERDIG MUSIKAL

AV Tyra Tønnessen og Jovan Pavlovic

OMSETJING Runar Gudhason

PREMIERE 19. november på Hovudscenen

REGISSØR Tyra Tønnessen

MED Heidi Gjermundsen Broch, Silje Lundblad,
Amell Basic, Frode Winther, Paul Åge
Johannesen, Niklas Gundersen, Jon Bleiklie
Devik, Renate Reinsve

Underholdande og fargerikt – for heile
familien.





Politisk barneteater om integrerings- problematikk? *Kva i hulaste?*

Tyra Tønnessen har skrive ein politisk korrekt musikal for heile familien. Det høyrst kanskje ikkje ut som ein innertiar, men trønderane jubla etter urpremieren på Trøndelag Teater og kåra likegodt *Påfuglen* til årets framsyning i Adressa. Her fortel ho om bakgrunnen for stykket om fordelingspolitikk, framandskepsis og tidsklemma.

TEKST TYRA TØNNESSEN FOTO FREDRIK ARFF TIL NYNORSK VED UNN CATODOTTER FYLLINGSNES

Jovan Pavlovic er mannen som har trekt i trådane her. Han stakk frå heimlandet på nittitalet då han forstod at han ville bli kalla inn til krigen på Balkan. Den unge jugoslaviameisteren i trekkspel hamna i Trondheim og fekk plass på musikkkonservatoriet, fekk seg trøndersk kone og jobb som musikal på Trøndelag Teater. Der møtte eg han, fekk på han uniform og sende han ut på scenen som spelande soldat i *Mutter Courage*.

Som gjengjeld for denne krigstenesta, har

Jovan Pavlovic sidan meint at eg skuldar han å lage ein musikal saman med han. Han ville skrive sigøynarinspirert musikk, og kravde at eg skulle lage historia. I mange år sende han meg lenkjer til romantiske sigøynarfilmar som hadde som hovudbodskap at livet berre er verd å leve dersom du kan trekkje kniv, stele hestar og danse framfor bålet så alle menn blir galne av begjær.

Teatersjefen ved Trøndelag Teater var skeptisk, men etter nokre års masing lét han oss få setje i gang.

Men er det så enkelt som at nomadefolket





Komponist og muskar Jovan Pavlovic har samarbeida med musikarar innan ulike sjangrar, som Farmers Market, Dadafon og Kristin Asbjørnsen, men spelar først og fremst med sine eigne band; Bengalo og Tutti Serbia. Pavlovic har vore musikalsk leiar ved Trøndelag Teater og i 2010 blei han utnemnd til fylkeskunstnar i Sør-Trøndelag. Foto: GT Nergaard

I mange år sende han meg lenkjer til romantiske sigøynar- filmer som hadde som hovudbodskap at livet berre er verd å leve dersom du kan trekkje kniv, stele hestar og danse framfor bålet så alle menn blir galne av begjær

er dei einaste som verkeleg forstår å leve? Å vere på reise er ein eksistensiell grunn-tilstand, og det er noko lokkande ved dette folket som aldri har gjort krav på noko land, og som har bidrege så sterkt til europeisk musikk og kunst. Men er det ikkje òg noko problematisk med å til dømes reise frå ungane sine for å tigge langt vekke? Jovan, som har arbeidd mykje med rombarn og musikk, innrømde òg at han synest det er vanskeleg når barn i 10-årsalderen krev røykje pausar.

Scenografen, skodespelarane og eg drog til Serbia og Romania og budde i romlandsbyar, oppsøkte slumområde og snakka med både serbararar, rumenararar og rom. Kvar gong vi syntest vi hadde forstått kva som var rett og kven som hadde rett, så snudde biletet seg att, og nye spørsmål og problemstillingar kom opp. Til slutt blei dette sjølv prinsippet for framsyninga; å prøve å vise så mange sider, så mange dilemma som mogleg. Og spørsmålet blei etter kvart større enn berre

fastbuande kontra nomade: Korleis kan vi ta vare på mangfald og ulikskapar og samtidig samarbeide i denne felles verda?

Gjennom improvisasjon, diskusjon og leik blei etterkvart *Påfuglen* ei ferdig framsyning på Trøndelag Teater. Den blei skapt i løpet av prøveperioden, den blei galen, morosam og rufsete. Teatersjefen ved Det Norske Teatret såg den, og gav oss høvet til å vidareutvikle den for oslopublikummet. I året som har gått sidan premieren i Trondheim er det ikkje berre romfolk, men veldig mange andre som har reist ifrå sitt og kome hit. Skodespelarane ved Det Norske Teatret har nok av nye problemstillingar å gripe fatt i når dei skal vidareutvikle og lage sin eigen versjon av *Påfuglen*. Eg håpar vi kan kome nokre små steg vidare i diskusjonen om korleis framan- de kan motast og få det bra saman. Og at diskusjonen vil halde fram mellom dykk som ser framsyninga.

BIKUBEBARN

Barnearrangement i Bikuben hausten 2016



URBAN ART ATTACK FOR KIDS

Laurdag 12. november kl. 12.30-15.00. Saman med Urban Art Attack har vi invitert danse-Noregs beste folk for å lage ein magisk dag for barn og unge som er glade i dans! Her kan ein slå seg laus med raffa rørsler på ei av dei største scenene i Noreg. Det blir heftige rytmar, lysshow, all style battle og rein dansegledde! For alle mellom 6 og 14 år, både dei som har dansa sidan dei blei fødde, og dei som berre vil ha det gøy. Familie og venner får lov til å vere publikum.
Pris: 100 kr per barn.



Alle kursa
går føre seg på
laurdagar i Bikuben.

Meir info
detnorsketeatret.no

RYTMEVERKSTAD

Laurdag 17. september kl. 12.00-15.00

Her kan du lære å lage feite beats og rytmar på alt frå skrammel og skrot, til di eiga stemme. Du kan velje mellom rytmeverkstad med trommeslagar Christian Svensson og Beatbox-kurs med Beatur.

For alle mellom 6 og 12 år.

PRIS: 100 kr per barn for eitt kurs. 150 kr for begge kursa.

MINITEATER

Laurdag 26. november kl. 11.00-14.00

For å lage ei teaterframsyning er det mange folk i sving. No kan du prøve deg på å lage ei mini-teaterframsyning på berre tre timar! Lag kostyme og scenografi, lær å leggje teatersminke og opptre på scenen for eit publikum – alt i samarbeid med flinke folk frå Det Norske Teatret. For alle mellom 6 og 12 år.

Familie og venner har moglegheit til å vere publikum.

Miniteater-verkstaden er ein del av Familielaurdag Påfuglen!

PRIS: 100 kr per barn. Miniteater + Påfuglen same dag kostar 200 kr.



Amell Basic flykta med familien frå eit krigsherja Bosnia-Herzegovina da han var barn. Han har gjort det å vere «annleis» til sin fordel, sjølv om han innrømmer at det til tider kan vere litt tøft.

PÅFUGLEN – EIN URETTFERDIG MUSIKAL

AV Tyra Tønnessen og Jovan Pavlovic
OMSETJING Runar Gudnason
PREMIERE 19. november på Hovudscenen

FESTNING EUROPA

AV Kristian Lykkeslet Strømskag
URPREMIERE 31. august på Scene 3

Håp om framtid

Når namnet har ei slik tyding, er det kanskje ikkje rart at framtida alltid har fortونا seg lys for Amell. For heile livet har det berre blitt betre.

TEKST IDA MICHAELSEN FOTO SIREN HØYLAND SÆTER
STYLING OSKAR ANDREAS PASK/YME/PALEET

Den fargerike og atypiske skodespelaren med det vinnande smilet og den positive haldninga kom til Noreg som krigsflyktning. Saman med mor og far og ei syster som berre var spedbarn, rømte den vesle familien frå eit krigsherja Bosnia–Herzegovina tidleg på nittitalet. Sju år gamal fekk han eit nytt heimland, eit land dei ikkje kjende til. Alt dei visste, var at dei måtte vekk frå det infernoet dei stod midt i på Balkan. I haust er han aktuell i *Festning Europa* og *Påfuglen*, i roller som Amell har solid bakgrunnskunnskap til å tolke.

FLUKT

– Det skal mykje til før ein reiser frå heile livet sitt, seier Amell om det å bryte opp i håp om eit betre liv. I *Påfuglen*, haustens store barnemusikal, spelar han ungen til påfuglen. Ho vel å reise vekk frå ungane og heimen, til eit kaldt og framant land langt nord, der dei rike labradorane bur, dei som kanskje kan hjelpe. I *Festning Europa* følgjer vi livet til to familiar; ein som ferierer på ei solrik øy i Middelhavet og ein som sym inn til den same

stranda frå ein overlasta gummibåt.

– Omsorga for eigne barn og håpet om at dei skal få ei framtid gjer at menneske tar slike brutale og dramatiske val, seier han. – Det er så lett å tenke at det ikkje gjeld oss, men det er ei viktig human oppgåve å ta i mot folk på flukt, folk som lid og folk som har behov for vern. Vi var heldige og blei raskt integrerte. Bosniarane som kom i kjølvatnet av krigen, har både høg sysselsettingsgrad, og barna deira tek høgare utdanning. Dei er ressursar for samfunnet. Men vi må ha ein plan for integreringa, seier han.

MØTET MED NOREG

Familien Basic hamna først i Saltdal kommune i Nordland. Det første han kan hugse frå møtet med Noreg, er mora som frykta mørkret. Det vil seie, det blei jo aldri lyst. Dei gjekk til vindauget, titta ut og kunne ikkje forstå at det aldri blei lyst. Og faren, som syntest at kaffien kom i så store dosar. Når ein er van med små espressokoppar, blir ei kaffimugge eksotisk. Familien måtte gjennom det vanlege mottaksapparatet og følte nok at dei blei sett litt rart på. Da dei til og med fekk opplæring i tannpuss, stussa dei

litt over korleis ein eigentleg såg på utlendingar i dette nye landet. Amell flytta ein del rundt i barndommen, og overalt omfamna han det nye. Han følte at det låg ei positiv kraft i det å ha ein annleis bakgrunn, at han var litt meir spesiell, litt meir interessant og at folk var nyfikne på historia hans. Han hadde lett for å bli kjend med nye menneske og dreiv rundt på leit etter det som skulle bli hans oppgåve. I klassesituasjonar var han urokråka, hadde mykje energi som skulle ut og blei fort klassens klovn.

RASTLAUS

– Eg var opptatt av å få merksemd, seier han om barneåra. – Eg dumma meg gjerne ut dersom det kunne glede andre. Samtidig utvikla eg ein slags street smartness som har følgt meg. Eg har hatt mykje temperament, men fekk ut den verste aggresjonen i bokseklubben på ungdomsskolen. På vidaregåande ville eg vekk frå alt dette og tok det siste året på Den norske skolen på Costa Blanca. Der blei eg med i revyen og fekk gode tilbakemeldingar. Det tende meg. Fader, kanskje scenen kunne vere ein stad for meg. Men ved sida av ein ordinær jobb, sjølvsagt.





«Når ein ikkje lar seg avgrense, men berre ser moglegheiter, er framtida lys.»

Han ville ikkje tilbake til Noreg med det aller første og loffa rundt på Solkysten, som pool boy, DJ, bartender og vakt. Men pengane tok slutt, og han måtte vende heimover. Gjennom Manpower hamna han på kaia i Fredrikstad der han tømte konteinarar på akkord. Her treffe han Stian, psykologistudenten som var stand up-komikar på si og som såg Amell slik han var. Stian utfordra Amell til å bli skodespelar.

– Han meinte eg var heilt utan sperrer, at eg hadde ein open natur og at eg ville passe som skodespelar. Sjekk ut Romerike Folkehøgskole, sa han, og det gjorde eg. Der var det som om alle brikker fall på plass. Eg kunne gjere noko nytt kvar dag, eg fekk lære masse – også om meg sjølv – og eg sette meg som mål å bli skodespelar.

SJØLVTILLIT

Sidan tok han det han spøkefullt omtalar som Noregspakka i drama. Etter Romerike gjekk turen til NISS (Nordisk Institutt for Scene og Studio) før han tok eit år med Drama, teater og kommunikasjon på Høyskolen i Oslo. 26 år gamal kom han endeleg inn på skodespelarlina ved Kunsthøgskolen i Oslo og kunne våren 2015 gå ut med eit engasjement ved Brageteatret i baklomma.

– Det at eg fekk tilbod 4 månader før eg var ferdig, gav meg sjølvtilitt og gjorde meg trygg. Etterpå kom eg hit til Det Norske Teatret og til rolla som Andrej i *Tilnærma lik*.

Jonas Hassen Khemiris stykke handlar om korleis pengane styrer det meste. Vi møter den unge Andrej som er på jobbsøk. Han vil ha gode jobbar, han vil tene gode pengar, og han søker seg til stillingar han kanskje ikkje

er heilt kvalifisert for. Etter kvart innser han at han må senke krava, men det framand-klingande namnet gjer at han blir ståande utanfor arbeidsmarknaden; ei rolle som har mykje humor, mykje håp og frustrasjon og mykje sanning i seg.

FRAMTIDSTRU

– Eg kan kjenne meg igjen i Andrej. Det å ha ein såkalla dobbel identitet har sine sider. Det er rart, og nokre gonger kjenner ein seg åleine. At ein ikkje passar inn nokon stad, eller høyrer til nokon stad. Ikkje snakkar eg bosnisk som mine jamgamle der nede, og ikkje er eg heilt norsk. For å seie det slik: Eg reknar og bannar på bosnisk og tenkjer på norsk! Eg er norsk, men med bosniske røter. Og det er ein kulturarv eg er både stolt av og glad for.

Når han no står på scenen i to framsynningar som begge tar for seg utfordringar som vår tid står overfor, nemleg flyktningssituasjonen i Europa og korleis vi tar i mot dei framande i samfunnet vårt, er det ein trygg skodespelar som tar fatt på arbeidet. Han er sjølv eit bevis på at framtidstru ber frukter. Han har vore gjennom mykje og kome ut

med stor sjølvtilitt. Slikt smittar over på andre. Han understrekar at det viktige er å ikkje bli redd, ikkje føle utryggheit og ikkje frykte noko i møte med det ein ikkje kjenner.

– Når ein ikkje lar seg avgrense, men berre ser moglegheiter, er framtida lys, seier Amell og gliser.

Han veit kva han snakkar om og brukar gjerne sportsmetaforar når han omtalar eigne prestasjonar og draumar. Det er noko frigjerande med skodespelarar som er så lite høgtidlege som Amell. Som strekkjer hendene i været etter premieren og jublar over eigen og andre sin innsats. Som er overtydd om at han kunne fått nokre roller til å svinge kraftig. Og som ikkje legg skjul på at han er på rett hylle i livet. Det er på scenen han høyrer heime, og det er her han skal få vise seg fram. Sjølv om han ikkje er den typiske skodespelaren, korkje av sinn eller utsjånad. Men så har det heller aldri stoppa Amell i noko han har gjort.

«Eg har hatt mykje temperament, men fekk ut den verste aggresjonen i bokseklubben på ungdomsskolen.»

AKTUELL

DAGNY DRAGE KLEIVA

SCENOGRAF

Aktuell med Påfuglen og Songfuglen

Dei to produksjonane som eg skal lage scenografien for i haust, er svært ulike, sjølv om *fugl* går igjen i tittelen. *Påfuglen* har ein laussleppt og litt improvisert estetikk. Stykket handlar i korte trekk om påfuglmora som reiser frå Fugleland, ungane og heimen sin i håp om å skaffe mat og pengar. Ho drar til Hundeland, som ligg langt nord og er eit kaldt, men godt fungerande samfunn. Parallellen til romfolket ligg under, og dette ville eg syne i det visuelle. Ein stor del av romfolket bur i svært usle kår i slumområde utanfor storbyar. For å overleve arbeider mange med å finne ting dei kan selje frå søppelfyllingane. Til liks med romfolket er påfuglane nedst på rangstigen i Fugleland. Men dei lever i ei verd prega av mange varme fargar og mønster – både i scenografi og kostyme. Samstundes er det møkkete og ekkelt der. Vi har fylt scenen med madrassar med alle moglege trekk for å skape assosiasjonar til fyllinga, til det utflytande og det skitne. Kontrasten til Hundeland er slåande. Her lever dei velorganiserte og dei rike, og dei minner mykje om oss nordmenn. Som eit bilete på det komfortable samfunnet fyller vi denne verda med dyner som skjuler madrassane, og som samstundes er veldig beskyttande. Teppet av dyner kan også minne om eit kaldt og snødekt landskap. På Scene 2 derimot skal eg lage eit langt strengare scenerom. Eg vil fange det som kjenneteiknar teksten til Leikvoll i *Songfuglen*, og ønskjer å vise korleis noko kan vere brutalt og vakkert på same tid. Råe betongveggar fylte med kulehol kan gi assosiasjonar til eit samfunn etter ein krig, eller ein revolusjon, og skal fungere som ein kontrast til venleiken som ligg i musikken og songen. Med det harde uttrykket ønskjer eg også å forsterke opplevinga av kjærleiken som veks fram på scenen. Kostyma er ikkje frå ein spesiell periode, eller noko bestemt område. Men dei er ganske nøkterne og har referansar til seint 20-tal, tidleg 30-tal og tida før andre verdskrigen, medan maske og sminke er meir ekspressive og inspirerte av 80-talet – tida før muren fall. Stemninga i rommet minner også om eit totalitært samfunn der menneske lengtar etter fridom til å leve det livet dei vil. Det blir ein kontrastfylt haust.





1. *Eurohæ?* Frå 1995 med Baktruppen, laga med utgangspunkt i Dag Solstad's togreise gjennom Nord-Europa i 1999. Foto: Sandra Jensen. **2.** Under *adHok* på Henie Onstad Kunstsenter i 1995 blei Trine invitert til å lage eit stadsspesifikt verk. Ho inviterte Baktruppen til å pusse trofea til Sonia Henie – som var i dårleg stand og i ferd med å bli pakka ned. I dag står dei stilte ut i eit eige rom. Foto: Marit Anna Evanger. **3.** Ei ung utgåve av alvorlege kunstnarar i Baktruppen i 1989 i Berlin. Foto: Baktruppen. **4.** *Funny Sorry Jesus* (2006): I ein tilsynelatande laus og fragmentarisk form fekk publikum oppleve ein overraskande versjon av bibelhistoria frå innsida av eit butikkvindauge. Alt som gjekk føre seg i gata blei også ein del av framsyninga. Foto: Baktruppen. **5.** Gjennombrøtsframsyninga *Germania Tod in Berlin* (Heiner Müller), 1989. Foto: Baktruppen.

Om Fosse og fiksjon

I haust ligg fiksjonslaga tjukt på Scene 3 når Jon Fosse blir sendt med tog til Kina som politisk smørjing. Etter nesten 20 år i Baktruppen har Trine Falch fått ny tru på det dramatiske teatret og på profesjonelle skodespelarar.

TEKST ERLEND TÅRNESVIK DREIÅS FOTO SIREN HØYLAND SÆTER

Forsking viser at ein er mest ærleg om morgonen, fortel Trine Falch ein formiddag i foajeen på Det Norske Teatret; så søkk moralen utover dagen, og på kvelden lyg ein mest!

Det er der ho helst vil vere, i det mørke rommet om kvelden. Og nettopp dit skal ho med *Draum om våren*. Saman med mangeårig Baktruppen-kollega Ingvild Holm, skal ho harselere over den norske nasjonal-skatten. I det som anten er ein farse eller komedie, skal Jon Fosse og laks blandast saman med internasjonalt diplomati og

storpolitikk. Sjølv om stoffet både er aktuelt og tematisk, forsikrar Trine Falch at aktuelt temateater er det minst morosame ho veit om. I dag er det fiksjonen som interesserer Falch. Sånn har det ikkje alltid vore.

STARTEN

Det var da ho studerte teatervitskap i Bergen på midten av 80-talet at Trine Falch først skjønnte kva teater kunne vere. Ho hamna i et kreativt studentmiljø, med folk som ville lage teater sjølve, men på sin eigen måte. Ho droppa etter kvart ut av studia, var med å danne Verdensteatret, og blei i 1988 med i

det etter kvart så legendariske kunstnarkollektivet Baktruppen. – På 80- og 90-talet var teater det teitaste ein kunne halde på med i Noreg. Norsk teater var veldig gammalmodig. Men derfor hadde vi også ein ganske takknemleg jobb. Og vi var like avhengige av det tradisjonelle teatret som satanistane var av kristendommen. I Baktruppen møtte eg ei intellektuelt oppdatert gruppe menneske som ville lage teater på ein ny måte.

I ei oppsetjinga av Heine Müllers *Germania Tod in Berlin* blei det bestemt at alle medverkande skulle opp på scenen. Det viste seg at scenografen, som var litt



Trine Falch. Foto: Siren Høyland Sæter. Styling: Oskar Andreas Pækklyne/Paleet

DRAUM OM VÅREN

AV Trine Falch

URPREMIERE 1. oktober på Scene 3

REGISSØR Trine Falch og Ingvild Holm

MED Per Schaanning, Kyrre Hellum, Eivin Nilsen Salthe, Marianne Krogh, Silje Lundblad

Ein farse om representantar for norsk nærings- og kulturliv som er ute og kører tog.

famlande nervøs, hadde like stor verknad på publikum som dei meir erfarne. Dette grepet var irreversibelt, og no kunne alle gå inn på kvarandre sitt arbeidsområde. Baktruppen blei eit kollektiv, sterkt prega av den ulike bakgrunnen alle hadde. Det vi ikkje hadde i tekniske ferdigheiter, tok vi igjen i smarte, kunstnarisk intelligente grep og idear, som på ein måte bar framsyningane våre.

På teaterfestivalen Bergen Internasjonale Teaterfestival i 1989 blei dei oppdaga og sendt på turne til Amsterdam. På kontinentet hadde dei tatt opp i seg dei postmoderne straumdraga i tida. No fekk Europa auga opp for den særeigne uttrykksmåten til Baktruppen. – Vi hadde eit rått uttrykk og blei kalla «dei ville hordane frå nord» og teatrets «enfants terribles». Baktruppen var noko nytt for folk. Vi har vore med på å endre teateruttrykket i Europa, så store ord vil eg bruke. Eg er veldig stolt over å ha vore ein del av dette.

MOT DET NY-DRAMATISKE

Dei blei etter kvart kjende representantar for sin likestilte dramaturgi, det lokalspesifikke teatret, element av performance, politisk kunst og publikumsinvolvering. Ein skulle ikkje spele roller, ein var seg sjølv på scenen. Dei hadde eit lite amfiteater på Rodeløkka i Oslo, der fortauet blei scenen, og dei kvardagslege tinga som skjedde utanfor, blei ein del av framsyninga. På 90-talet begynte deira måte å lage teater på å bli meir vanleg. Omgrepet post-dramatisk teater blei introdusert, og Baktruppen fall inn i den kategorien. Trine Falch begynte å lure på kva det post-dramatiske var «posta» ut frå. Ho kjende på ein dragnad mot eit feitt teater med karakterar og fiksjon. Etter 18 år

i Baktruppen gjekk ho ut av gruppa og begynte å arbeide med eigne prosjekt. – Eg er oppvaksen med eit sprengt verdsbilde, men vil ikkje lenger sørge over tapte samanhengar. I staden for å reflektere verda i fragment, vil eg plukke opp bitane og lage nye, forsøksvis samanhengande forløp, gjerne i tre aktar. Det er ikkje sikkert det blir pent, men det er i alle fall konstruktivt meint.

I Baktruppens tid var ein oppteken av at rommet skulle vere demokratisk, at sal og scene skulle vere likestilte. Det hendte at ein ikkje øvde på framsyninga, for da hadde aktørane på scenen overtaket. I dag tenkjer Falch at demokrati og kunst ikkje er det same: – Eg aksepterer det asymmetriske forholdet mellom scene og sal og set pris på førebudde skodespelarar. Men eg synest vi skal halde fram å leike med formatet. Er det mogleg å lage ny-dramatisk teater som ikkje ryggar inn igjen bak den fjerde veggen, men tek live-situasjonen på alvor og finn fiksjonsnivå som også kan omfatte publikum? Den største dramatikken skjer framleis mellom skodespelar og publikum i situasjonen her og no. Det er teaterets forse.

EIN TOGTUR MED FORVIKLINGAR

I haust skal Trine Falch leike seg med formatet på Scene 3. I *Draum om våren* reiser ein norsk delegasjon til Kina for å rette opp det dårlege forholdet mellom dei to landa. Med på reisa har dei altså laks og Jon Fosse. Ein representant frå næringslivet og ein kommunikasjonsrådgivar har lese *Draum om hausten* og meiner at stykket har ein kronologi som kan irritere kinesarane. Og kvifor må det gå føre seg om hausten? Er det ikkje trivelegare med vår? Fosse nektar å endre stykket, og under eit heftig vodkalag på veg mot Kina bestemmer dei andre seg for å låse han inn i frysevogna, saman med laksen, så han får tenkt seg om.

Det var debatten om eit *ikkje-brev* som sette Holm og Falch på ideen. Dagens Næringsliv avslørte at det løynleg var utarbeidd eit såkalla *non letter* etter at den kinesiske dissidenten Liu Xiaobo fekk Nobels fredspris. I dette brevet kom sentrale folk frå regjeringa med ei orsaking til Kina, med det mål for auge å oppheve handelsblokaden på

laks. – Det er ein harselas med den pinlege norske offentlegheita etter fredsprisutdelinga. Det politiske spelet har blitt så tydeleg. Dei som var Dalai Lamas beste ven då dei var i opposisjon, ville ikkje helse på han då dei kom i posisjon. Og så tenkte vi at det var moro å tulle med Fosse, som er vår største eksportartikkel innan kunst.

At Fosse og fisken endar opp saman i frysevogna, er ikkje tilfeldig. – Kunsten er jo også ei vare. Næringslivet har eigne interesser som gjerne kjem til fortrenghet for kunsten. Men – understreker Trine Falch – i framsyninga er ikkje kunsten edlare enn næringslivet. Den einaste som kjem relativt godt ut av det, er Jon Fosse. Han går ikkje på kompromiss med nokon. Og så er det moro at *Draum om hausten* og *Draum om våren* skal spelast samtidig på teateret. Vi håper det blir litt utveksling mellom dei to produksjonane.

I MØRKRE OM KVELDEN

Det Falch kallar ny-dramatisk teater er noko ho leitar etter, og det eksisterer ikkje eit tydeleg uttalt manifest. Men vegen om det post-dramatiske tenkjer ho er heilt naudsynt. – Eg trur ikkje ein kan vere ny-dramatisk utan først å ha vore post-dramatisk. Teateret har vore så litterært, og det meiner eg at teateret ikkje treng vere. Her må vi lære av det post-dramatiske sin respekt for her-og-no-situasjonen. Mange dramatikarar skriv for æva, og for å bli trykte mellom to permar. Eg synest ein i større grad skal skrive med live-situasjonen som mål og underlegge seg den. Da kan ein leike med tanken om at teksten også forsvinn når ein pakkar ned stykket.

Det var dramatikaren og eksistensialisten Albert Camus som sa at fiksjonen er løgna vi ser sanninga gjennom. Sjølv om mykje av stoffet er henta frå verkelegheita, ønskjer ikkje Trine Falch å lage aktuelt og politisk temateater med klar agenda. – Ein ser gjerne at innhaldet får størst plass, men form produserer også innhald. Det er utfordringa: å finne det rette forholdet mellom det verkelege, det politiske og det som er leik og eksperimentering med form. Trine Falch meiner at stoffet må stå på eigne bein, bli til noko eige i møtet mellom skodespelarar og publikum. Det er den fiksjonen ho leiter etter, i mørkret om kvelden, der løgna lettare slepp til.

DEN FORSVUNNE HJERNEN

I *Inkognito* er tre historier vovne saman over ein epoke på 60 år.
Ein av dei er historia om Thomas Harvey; mannen som stal
Albert Einsteins hjerne. – Ei historie som langt overgår fiksjonen...

TEKST ESPEN DIETRICHS **MONTASJE** BÅRD GUNDERSEN **TIL NYNORSK VED** UNN CATODOTTER FYLLINGSNES

Albert Einstein døydd om morgonen 18. april 1955 i Princeton, New Jersey. Han vart obdusert same dagen og deretter kremert. Men kva skjedde med hjernen hans? Den forsvann, og Einsteins pårørende hevda at den vart stolen! Og det var mange rykte: Skulle den på museum for merkelege ting, delast opp og brukast som amulettar, skytast ut i verdsrommet, klonast av diktatorar og terroristar, eller seljast til Michael Jackson? No veit vi endeleg kva som faktisk skjedde.

VERDSKJEND

Einstein vart fødd i Ulm, Tyskland i 1879. Han lærte først å snakke da han var tre år gammal, men viste straks talent innan realfag. Da han seinare studerte ved universitetet i München, mobba han lærarane for den mangelfulle forståinga deira. Resultatet var at det vart vanskeleg å få jobb, og han vart funksjonær ved eit patentkontor i Sveits. Der arbeidde han i 1905, det som vart året for dei store ideane. Han publiserte da fem store arbeid i tidsskriftet *Annalen der Physik*, og det var også da han la grunnlaget for relativitetsteorien. Dei fem publikasjonane gjorde han raskt vidkjend, og verdskjende vitskapsmenn tok til å kome på besøk til det vesle kontoret hans på loftet over patentkontoret. Etter dette fekk han òg ei rekkje undervisingsoppdrag, og han reiste etterkvart attende til München. Ei solformørking i 1913 stadfesta den fotoelektromagnetiske teorien hans, og i 1916 kom han med den endelege formuleringa av relativitetsteorien. I 1921 fekk han Nobelprisen i fysikk, men det var for den fotoelektriske effekten – ikkje relativitetsteorien. Den prøvde han i staden å få godkjend som doktoravhandling, men den vart refusert av den føderale sveitsiske

polytekniske høgskolen i 1930. Seinare vart teoriane verifiserte i laboratorieforsøk, og han vart kjendis som reiste verda rundt i sus og dus, med stor festivitas.

Einstein var nazimotstandar, og han var av jødisk slekt. Etter truslar i Tyskland valde han å emigrere til England i 1933, og vidare til USA i 1940. Der fekk han stilling ved Princeton Institute of Advanced Studies. Han freista å lage ein samleteori for heile universet, men det greidde han ikkje. Han levde eit usunt liv og utvikla alvorleg arteriosklerose. I 1950 fekk han påvist ein stor aortaaneurisme, men ville ikkje opererast. Det var denne aneurismen som brast fem år seinare.

HJERNETJUVERI

Einstein døydd på det vesle lokalsjukehuset i Princeton – ikkje på universitetssjukehuset. Obduksjonen vart utført av den einaste patologen på sjukehuset, dr. Thomas Stoltz Harvey, som da var 42 år. Han var ikkje vitenskapleg skolert og ikkje nevropatolog, men ein einstoing som truleg hadde vald denne einsame men sjølvstendige patologstillinga fordi det fall seg slik.

Harvey fjerna hjernen på eige initiativ. Det låg ikkje føre noka skriftleg fullmakt, men heller ikkje noko forbod. Einsteins gode venn, Otto Nathan og sonen Hans Albert Einstein skulda Harvey for simpelt tjuveri. Harvey hevda på si side at Otto Nathan var til stades under obduksjonen og hadde gitt han løyve. Men Nathan nekta for å ha vore der – og kva slags patolog inviterer dei pårørende til å vere med på obduksjonen??

Da New York Times publiserte historia, kalla den amerikanske hæren Harvey inn til eit møte der dei kravde å få hjernen utlevert på vegner av nasjonen. Harvey nekta, og han fekk støtte av sjukehusdirektøren, som insistererte på at hjernen ikkje skulle ut av byen.

Så gjekk åra. Harvey hadde hjernen heime hos seg sjølv, og han fortalde ikkje mange om den. Etterkvart vart sjukehusdirektøren utolmodig. Han forlanga forskingsresultat og kravde å få hjernen attende til sjukehuset. Men Harvey nekta – og fekk sparken. Da tok han med seg hjernen og reiste frå byen. Han flytta rundt, hadde ei rekkje ulike jobbar i psykiatrien, allmennpraksis, som sjukeheimslege og som fengselslege, og på vegen var det tre ekteskap som havarerte.

Lokalaviser kom på sporet av Harvey i 1956, 1979 og 1988, refererte utsegnene hans om at han var like ved å avslutte vitenskaplege studium av hjernen, men ingen publikasjonar kom. Da han var 78 år gammal, strauk han til autorisasjonseksamen i Kansas. Han hadde inga pensjonsordning, og tok da til å arbeide på ein plastfabrikk.

GRAVANDE JOURNALIST

Journalisten Steven Levy fann Harvey i Kansas i 1978, etter eit langt søk. Hjernen til Einstein låg da bak ein ølkjolar i stova, i ein kakeboks merkt med eplėsider... Levy skreiv om *My search for Einstein's brain* i The New Jersey Monthly. Dette vekte sjølvsaugt merksemd, og heavy metal-bandet Attic of Love laga slageren *Stealing Einstein's Brain*:

*He heard the rumor one morning;
somewhere out in the Midwest
Einstein's brain was adorning a
trophy shelf by the desk
of a general practitioner gentleman.
Who was he to be so blessed?
So he formed a plan to take a stand,
and one day he'd attain the theft of
Einstein's brain.*

Harvey vart no kontakta av ei rekkje ulike personar. Han gav vekk nokre hjernesnitt til

INKOGNITO

AV Nick Payne

OMSETJING Gunstein Bakke

NOREGSPREMIERE 29. oktober på Scene 3

REGISSØR Peer Perez Øian

MED Ola G. Furuseth, Ellen Birgitte Winther, Kaia Varjord, Frank Kjosås

Kan hjernen fortelje oss kven vi er?



forskarar, og "gave pieces to an odd collection of pilgrims, too". Men det var openbert ikkje økonomiske interesser som dreiv han, for han av slo tilbod om å selje bitar av hjernen for 15 000 dollar pr. stk.

ØLKJØLARAR OG TUPPERWARE

Etter dette var det stille fram til 1996. Da kom Michael Paterniti på sporet. Han fann Harvey i New Jersey. Hjernen var framleis skjult i ein pappask, i ein mørk kjellar. Harvey, som no var 84 år gammal, var villig til å avslutte saka. Han hadde tydelegvis oppfatta seg sjølv som leiar av eit viktig forskingsprosjekt, sjølv om han aldri hadde gjort noko vitenskapleg sjølv, og trass i at berre nokre tilfeldige forskarar som hadde masa ekstra mykje, hadde fått nokre få hjernesnitt å studere. Men no gjekk han med på å møte stedottera til Einstein, Evelyn, for å forsonast heime hjå henne i Oakland, California. Paterniti, som var frilansjournalist, tilbaud seg å køyre Harvey og hjernen til Oakland. Det vart byrjinga på ein merkeleg køyretur med ein Buick Skylark på tvers over det amerikanske kontinentet. Hjernen låg i ein Tupperware-boks oppi ein sportsbag i bagasjerommet,

men Paterniti fekk ikkje lov til å sjå den.

Vel framme i Oakland sa Harvey at Evelyn Einstein kunne få ein bit av hjernen, men det var ikkje akkurat dette ho hadde tenkt seg. Ho inviterte Harvey og Paterniti på middag for å diskutere saka, men Harvey av slo og forlanga å verta køyrd til næraste jarnbanestasjon. Da Paterniti og Evelyn Einstein kom tilbake til huset hennar etter køyreturen, oppdaga dei at Harvey hadde sett att Tupperware-boksen i baksetet. Forbausa tok dei med seg hjernen inn og åt middag med hjernen på bordet. Evelyn Einstein ville framleis ikkje ha hjernen, og Paterniti måtte ta den med seg igjen da han gjekk. Han tok inn på motell saman med hjernen, og sov med hjernen ved sida av seg på hovudputa. Men Paterniti kjende naturleg nok at det var feil av han å skulle ha hjernen, og vel tilbake i New Jersey valde han å gi hjernen tilbake til Harvey.

Den aldrande Harvey valde til slutt å gi frå seg hjernen. Men den vart ikkje levert til noko kvalifisert nevropatologisk miljø. Tvert imot, etter nesten eit halvt hundreår på reisefot gav han den tilbake til lokalsjukehuset i Princeton, til den einaste patologen der, dr. Eliott Krauss. Krauss var ikkje vitenskapleg skolert og

ikkje nevropatolog, men ein einstoing som truleg hadde vald denne einsame, men sjølvstendige patologistillinga fordi det fall seg slik. Og no kjende han seg som leiar av eit viktig internasjonalt forskingsnettverk...

POSTSKRIFT:

Nokre få artiklar om hjernen til Einstein er etterkvart publiserte. Det har kome framlegg om at Einstein skulle ha auka tettleik av nevronar frontalt, eller høgare tal på gliaceller parietalt. Men det heile er særers kontroversielt, og ein kritisk gjennomgang for få år sidan konkluderte med at hjernen til Einstein viste aldersendringar og moglege teikn på ein byrjande alzheimerssjukdom, men at det ikkje var nokon strukturelle eller morfologiske karakteristika som kunne knytast til dei framstående kognitive evnene hans. Når det gjeld løysinga av mysteriet med den bortkomne hjernen, må vi særleg takke journalistane Steven Levy og Michael Paterniti. Sistnemnde har skildra delar av historia i bestseljaren *Driving Mr. Albert. A trip across America with Einstein's Brain*.

DET NORSKE TEATRET



VALBORG FRØYSNES



AMELL BASIC



ØYVIN BERVEN



ANNE RYG



MARIE BLOKHUIS



HEIDI
GJERMUNDSEN
BROCH



SIGVE BØE



ELLEN BIRGITTE
WINTER



KJERSTI DALSEIDE



JON BLEIKLIE DEVIK



INGRID JØRGENSEN
DRÅGLUND



PÅL CHRISTIAN
EGGEN



CHARLOTTE
FROGNER



OLA G. FURUSETH

SKODE- SPELARAR HAUST 2016



JAN GRØNLI



NIKLAS GUNDERSEN



PAUL-OTTAR HAGA



PREBEN
HODNELAND



UNN VIBEKE HOL



HALLVARD HOLMEN



PAUL ÅGE
JOHANNESSEN



GJERTRUD LOUISE
JYNGE



BJØRN EIDSVÅG



JUDY NYAMBURA
KARANJA



SVEIN ROGER
KARLSEN



SARA KHORAMI



AGNES KITTELSEN



FRANK KJOSÅS



LASSE KOLSRUD



MARIANNE KROGH



GEIR KVARME



TRINI LUND



SILJE LUNDBLAD



HILDE OLAUSSON



KJERSTI ODDEN
SKJELDAL



JOACHIM
RAFAELSEN



BERNHARD
RAMSTAD



RENATE REINSVE



IREN REPPEN



HILDEGUN RIISE



GRETHE RYEN



HANS RØNNINGEN



EIVIN NILSEN SALTHE



ELISABETH SAND



AUDUN SANDEM



JULIE MOE SANDØ



PER SCHAANNING



GARD SKAGESTAD



KADIR TALABANI



ODDGEIR THUNE



SVEIN TINDBERG



ANE DAHL TORP



JONAS FUGELVIK
URSTAD



KAIA VARJORD



FRODE WINTER




NINA WOXHOLT



INGUNN BEATE
ØYEN



ARE KALVØ



AXEL GEHRKEN
BØYUM



MORTEN SVARTVEIT



RAGNAR DYRESEN



INGEBORG
SUNDREHAGEN
RAUSTØL



BILLIE CEJKA RIISNES



KRISTINE SVALHEIM



SIGURD SVALHEIM



EDVARD NIKLASSON
MÅSEIDE



JULIA HEYERDAHL
SKAGESTAD



EIRA TYSSØE LIE



CLARA MARIE LIEN
SUNDE



THEA KVALSUND
KILLINGMO



JANNA ELTON
PROSKURNICKI



ELLA JØRGENSEN
DRAGLAND



KYRRE HELLUM




TORBJØRN ERIKSEN



KIRSTI STUBØ



ESPEN LØVÅS



hovudscenen

ETTERLYST: JESUS REGI ERIK ULFSBY (FRÅ 27. AUGUST)

KVITEBJØRN KONG VALEMON
REGI INGRID WEME NILSEN (FRÅ 3. SEPTEMBER)

ANDRE VERDSKRIGEN - NATT I VERDA
REGI ERIK ULFSBY (FRÅ 11. SEPTEMBER)

DRAUM OM HAUSTEN REGI TRINE WIGGEN (FRÅ 15. OKTOBER)

PÅFUGLEN – EIN URETTFERDIG MUSIKAL
REGI TYRA TØNNESSEN (FRÅ 19. NOVEMBER)



scene 2

ROMEO OG JULIE REGI MAREN BJØRSETH (FRÅ 19. AUGUST)

SONGFUGLEN REGI PEER PEREZ ØIAN (FRÅ 26. AUGUST)

FUGLETRIBUNALET REGI MARIT MOUM AUNE (FRÅ 7. SEPTEMBER)

FRIDOMENS VEGAR REGI TORE VAGN LID (FRÅ 8. OKTOBER)

ABRAHAMS BARN REGI KJETIL BANG-HANSEN (FRÅ 14. OKTOBER)

SORGA KLER ELEKTRA REGI EIRIK STUBØ (FRÅ 18. OKTOBER)

KALVØ REGI ERIK ULFSBY (FRÅ 8. NOVEMBER)



scene 3

HAUGTUSSA
REGI ANE DAHL TORP/ERIK ULFSBY (FRÅ 23. AUGUST)

TOR JONSSON – ALEINE MED SEG SJØLV
REGI INGRID WEME NILSEN (FRÅ 24. AUGUST)

FESTNING EUROPA
REGI UWE CRAMER (FRÅ 31. AUGUST)

KRAPPS SISTE SPOLE
REGI BJØRN SUNDQUIST (FRÅ 17. SEPTEMBER)

DRAUM OM VÅREN
REGI TRINE FALCH/INGVILD HOLM (FRÅ 1. OKTOBER)

DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN NATTA
REGI TRINE WIGGEN (FRÅ 7. OKTOBER)

INKOGNITO
REGI PEER PEREZ ØIAN (FRÅ 29. OKTOBER)



DET NORSKE TEATRET
KRISTIAN IVS GATE 8, 0164 OSLO

BILLETTBESTILLING
KJØP BILLETT PÅ DETNORSKETEATRET.NO
ELLER PÅ TLF. 22 42 43 44

WWW.DETNORSKETEATRET.NO